



## **Fiskeristatistikk 2004**

## **Fishery Statistics 2004**

## Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar også publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

## Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, an overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway and Svalbard Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, april 2006

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6957-1 Trykt versjon

ISBN 82-537-6959-8 Elektronisk versjon

ISSN 0333-3728 Papirversjon

ISSN 1504-2561 Elektronisk versjon

[http://www.ssb.no/nos\\_fiskeri](http://www.ssb.no/nos_fiskeri)

### Emnegruppe

10.05 Fiske og fiskeoppdrett

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Kopiesenteret, SSB/371

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilleteikn	Decimal punctuation mark	,(.)

# Forord

Denne publikasjonen gir eit statistisk oversyn over fiskerinæringa, der det er teke med eit utval av tilgjengeleg statistikk. For sjøfiske gir publikasjonen tal for fiskarar, fiskebåtar, fangst, støtteordningar og økonomisk resultat. Det er teke med eit kapittel om fangst levert i Noreg av utanlandske fiskebåtar. Publikasjonen har òg med hovudtal for fiske av laks og sjøaure og for fiskeoppdrett. For fiskeforedlingsindustrien er det med statistikk som viser talet på bedrifter, sysselsette og økonomiske hovudtal. Publikasjonen har òg med tal for eksport og import av fisk og fiskeprodukt, og eit kapittel som gir oversikt over ein del fiskebestandar.

Fram til 1977 gav Fiskeridirektoratet ut denne publikasjonen. 1977-årgangen var den første Statistisk sentralbyrå gav ut. Fiskeridirektoratet utarbeider framleis ein stor del av tabellane til publikasjonen.

Denne årgangen legg særleg vekt på endelege tal for årsfangsten i 2004.

Meir detaljerte tal for fiskeoppdrett og sjø- og elvefiske etter laks og sjøaure er gitt i NOS Fiskeoppdrett og NOS Lakse- og sjøaurefiske. Òg for andre område som er dekte av eigne publikasjonar, er det i fiskeristatistikken berre teke med hovudtal. For desse områda viser vi til publikasjonane som er nemnde i vedlegg J.

Førebelse 2005-tal for fiskeria blei publiserte på Statistisk sentralbyrå sine websider 9. februar 2006.

På websidene ligg heile publikasjonen i PDF-format, men tabellane kan også hentast ut i Excel-format. Internett-adressa er:  
<http://www.ssb.no/emner/10.05/>

Meir informasjon finnast også på Fiskeridirektoratets sine websider. Internett-adressa er: <http://www.fiskeridir.no>

Arbeidet med publikasjonen har vore leia av konsulent Åse Mobråten. Ansvarleg seksjonsleiar er Ole O. Moss, Seksjon for primærnæringsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå,  
Oslo/Kongsvinger, 3. mars 2006

Øystein Olsen

---

Nils Håvard Lund

# Preface

This publication presents a statistical survey of the fishing industry and comprises a sample of accessible statistics. From the sea fisheries the publication presents statistics of fishermen, fishing vessels, catches, governmental subsidies and economic results. This edition contains a chapter about landings in Norway from foreign vessels. It also includes statistics of the salmon and sea trout fishery, fish farming, the fish processing industry and external trade of fish. The publication also gives a survey of stocks of some fish species.

The Directorate of Fisheries issued the publication until 1977. The 1977 issue was the first one published by Statistics Norway. The Directorate of Fisheries still produces a considerable part of the tables presented in the publication.

This publication attaches particular importance to annual catch figures for year 2004.

On a few subjects who are covered by other publications, this publication only gives main figures. We refer to the publications listed in appendix J.

Preliminary figures for fisheries 2005 were presented on Statistics Norway's web pages 9 February 2006.

The entire publication is presented on the web in PDF format, but the tables can be downloaded in Excel format. The Internet-address is:  
<http://www.ssb.no/English/subjects/10.05/>.

For more information the Directorate of Fisheries has web pages on the Internet. The Internet-address is <http://www.fiskeridir.no>

The publication has been prepared under the supervision of Ms. Åse Mo-bråten. Responsible for this publication is Head of Division Ole O. Moss, Division for Primary Industry Statistics.

Statistics Norway,  
Oslo/Kongsvinger, 3 March 2006

Øystein Olsen

---

Nils Håvard Lund

# Innhald

<b>Figurregister</b> .....	<b>7</b>
<b>Tabellregister</b> .....	<b>8</b>
<b>1. Fiskarar og båtar</b> .....	<b>13</b>
1.1. Innleiing .....	13
1.2. Konesjonar .....	13
1.3. Statistiske kjelder .....	14
1.4. Definisjonar .....	14
<b>2. Oversikt over bestandar</b> .....	<b>22</b>
2.1. Innleiing .....	22
2.2. Utviklinga i bestandane .....	22
2.3. Kjelder .....	22
<b>3. Fangsten</b> .....	<b>28</b>
3.1. Innleiing .....	28
3.2. Kvotar, avtalar og fangstreguleringar .....	28
3.3. Statistiske kjelder .....	31
3.4. Definisjonar .....	32
<b>4. Utanlandske landingar av fangst i Noreg</b> .....	<b>70</b>
<b>5. Tilverking, eksport og import</b> .....	<b>74</b>
5.1. Innleiing .....	74
5.2. Statistiske kjelder .....	74
<b>6. Lønsemd, totalrekneskap, statstilskott m.m.</b> .....	<b>84</b>
6.1. Innleiing .....	84
6.2. Statistiske kjelder .....	84
<b>Vedlegg</b>	
A. Hovudgrupper av fiskeslag .....	88
B. Eit utval av omrekningsfaktorar .....	89
C. ICES - fiskeristatistiske område .....	91
D. Fangstområde. Nordvestlege Atlanterhav .....	92
E. Fangstområde. Nordaustlege Atlanterhav .....	93
F. Fangstområde .....	94
G. Varegrupper i tabellane om eksport og import .....	96
H. Namn på nokre sjødyr omsette til ulike språk .....	98
I. Plansje over nokre sjødyr. cm .....	101
J. Publikasjonar som er nytta som kjelde for tabellar i Fiskeristatistikk 2004 .....	103
<b>Tidlegare utgitt på emneområdet</b> .....	<b>104</b>
<b>Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk</b> .....	<b>105</b>

# Contents

<b>List of figures .....</b>	<b>10</b>
<b>List of tables .....</b>	<b>11</b>
<b>1. Fishermen and fishing vessels .....</b>	<b>15</b>
1.1. Introduction.....	15
1.2. Licences .....	15
1.3. Sources .....	15
1.4. Definitions .....	15
<b>2. Survey of stocks .....</b>	<b>22</b>
2.1. Introduction .....	22
2.2. Development of the stocks .....	22
2.3. Sources .....	23
<b>3. The catch .....</b>	<b>33</b>
3.1. Introduction .....	33
3.2. Quotas, agreements and catch regulations .....	33
3.3. Sources .....	34
3.4. Definitions .....	35
<b>4. Foreign landings in Norway .....</b>	<b>70</b>
<b>5. Processing, exports and imports .....</b>	<b>74</b>
5.1. Introduction .....	74
5.2. Sources .....	74
<b>6. Profitability, aggregate account, subsidies etc. ....</b>	<b>84</b>
6.1. Introduction .....	84
6.2. Sources .....	84
<b>Appendices</b>	
A. Main groups of fish species.....	88
B. A selection of conversion factors .....	89
C. ICES Fishery statistical divisions .....	91
D. Fishing grounds. Northwest Atlantic .....	92
E. Fishing grounds. Northeast Atlantic .....	93
F. Fishing grounds .....	94
G. Commodity groups in the tables of exports and imports .....	96
H. The name of some marine animal species translated into different languages .....	98
I. Card over some marine animals. cm .....	101
J. Publications which have been used as source for tables in Fishery Statistics 2004 .....	103
<b>Previously issued on the subject .....</b>	<b>104</b>
<b>Recent publications in the series Official Statistics of Norway .....</b>	<b>105</b>

---

# Figurregister

---

**Fiskarar**

1. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2004 .....	16
---	----

---

**Oversikt over bestandar**

2. Totalbestand og gytebestand for nordaustarktisk torsk. 1950-2004. 1 000 tonn .....	24
3. Totalbestand og gytebestand for nordaustarktisk hyse. 1950-2004. 1 000 tonn .....	24
4. Totalbestand og gytebestand for nordaustarktisk sei. 1960-2004. 1 000 tonn .....	25
5. Gytebestand for norsk vårgytande sild. 1950-2004. 1 000 tonn .....	25
6. Bestand av lodde i Barentshavet (eit år gamal og eldre fisk) 1972-2004. 1 000 tonn.....	26
7. Kvotar og fangst. Nordaustarktisk torsk 1978-2005 .....	27

---

**Fangsten**

8. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fiskeslag. 1976-2004 .....	36
9. Fangstmengd, etter fylke. 2004 .....	37
10. Fangstverdi, etter fylke. 2004 .....	38
11. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten, i prosent av totalfangsten. 2004 .....	39

---

# Tabellregister

## 1. Fiskarar og båtar

1. Fiskarar, etter fiske som leveveg. 1983-2004 .....	17
2. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2003 og 2004 .....	17
3. Fiskarar, etter fiske som leveveg og alder. 2003 og 2004 .....	18
4. Fiskarar som har fiske som hovudyrke, etter kjønn, alder og fylke. 2004 .....	18
5. Fiskebåtar, etter båttype og lengste lengd. 31. desember. 2001-2004 .....	19
6. Fiskebåtar, etter båttype, lengste lengd og fylke. 2004 .....	19
7. Fiskebåtar, etter byggeår, båttype og fylke. 2004 .....	20
8. Trålkonsesjonar og deltakande trålarar i konsumtrålfisket pr. 31. desember, etter fylke og trålargruppe. 2004 .....	20
9. Reketrålkonsesjonar, etter lengda på båten og fylke. 2004 .....	21
10. Tal ringnotbåtar og lastekapasitet, etter lastekapasiteten med konsesjon og fylke. 2004 .....	21

## 3. Fangsten

11. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag. 1978-2004 .....	40
12. Total fangstmengd, etter bruken. 1978-2004 .....	41
13. Prisindeks for fisk mv. ved sal frå fiskar. (1994=100). 1994-2004 .....	42
14. Fangstmengd, etter fangstreiskap og fiskeslag. 2004. Tonn rund vekt .....	43
15. Fangstmengd, etter bruken av fangsten og fiskeslag. 2004. Tonn rund vekt .....	44
16. Fangstverdi, etter bruken av fangsten og fiskeslag. 2004. 1000 kr .....	45
17. Fangstmengd, etter leveringsmånad og fiskeslag. 2004. Tonn rund vekt .....	46
18. Fangstverdi, etter leveringsmånad og fiskeslag. 2004. 1 000 kr .....	48
19. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fiskeslag og fangstområde. 2004. Tonn rund vekt .....	50
20. Fangstverdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og fangstområde. 2004. 1 000 kroner .....	52
21. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og båttype. 2004 .....	54
22. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag, båtens heimstad og fylke. 2004 .....	55
23. Fangstmengd, etter ilandsføringsstad, fiskeslag og fylke. 2004. Tonn rund vekt .....	56
24. Fangstverdi, etter ilandsføringsstad, fiskeslag og fylke. 2004. 1 000 kr .....	58
25. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fiskeslag, ilandsføringsstad og kommune. 2004 .....	60
26. Trålfangstar, etter torsk og torskearta fisk, fangstmånad og fangstområde. 2004. Tonn rund vekt .....	63
27. Fangstmengd og -verdi for båtar med ringnotkonsesjon, etter konsesjonskapasitet og heimstadfylke. 2004 .....	64
28. Fangstmengd og -verdi, etter salslag. 2004 .....	64
29. Fangstmengd av lodde, etter ilandsføringsfylke og fangstområde. 2004. Tonn rund vekt .....	65
30. Fangstmengd og -verdi av lodde, etter båtens heimstadfylke. 2004 .....	65
31. Selfangsten. 1998-2004 .....	66
32. Småkvallfangsten. 1974-2004 .....	67
33. Samla fangst av laks fiska innafor fiskerigrensa, etter storleik og fylke. 1997-2004. Tonn rund vekt .....	68
34. Fiskeoppdrett. Laks og regnbogeaure. Talet på einingar med matfiskproduksjon og slakta mengd. 1980-2004 .....	68
35. Verdsfangsten av fisk, etter bruken. Medrekna fiskeoppdrett. 1996-2003. Millioner tonn rund vekt .....	69
36. Verdsfangsten av fisk, etter hovudgruppe av fiskeslag. Tal for viktige land. 2003. 1 000 tonn .....	69

## 4. Utanlandske landingar av fangst i Noreg

37. Fangstmengd og -verdi ført i land i Noreg frå utanlandske båtar, etter hovudgruppe av fiskeslag. 1986-2004 ..	71
38. Fangstmengd ført i land i Noreg av utanlandske fiskebåtar, etter båtens nasjonalitet og fiskeslag. 2004. Tonn rund vekt .....	72
39. Verdi av fangst ført i land i Noreg av utanlandske fiskebåtar, etter båtens nasjonalitet og fiskeslag. 2004. 1 000 kroner .....	73

## 5. Tilverking, utførsel og innførsel

40. Bedrifter og sysselsette innanfor fiskeforedling, etter næringsundergruppe. 1998-2004 .....	75
41. Bedrifter, sysselsette, bearbeidingsverdi mv. innan fiskeforedling, etter næringsundergruppe og fylke. 2004 .....	76
42. Eksport av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2004. Millionar kroner .....	77
43. Eksport av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2004. 1 000 tonn .....	79
44. Eksport av fisk og fiskeprodukt. Verdi for dei tre viktigaste mottakarlanda for kvar varegruppe. 2004. Millionar kroner .....	81



- 
45. Import av fisk og fiskeprodukt frå ulike land, etter varegruppe. 1999-2004. Millionar kroner ..... 82  
46. Import av fisk og fiskeprodukt frå ulike land, etter varegruppe. 1999-2004. 1 000 tonn ..... 83

---

**6. Lønsemd, totalrekneskap, statstilskott m.m.**

47. Tal frå Nasjonalrekneskapen for fiske, fangst og fiskeoppdrett. 2000-2004. Millionar kroner ..... 85  
48. Totalrekneskap for fiske og fangst. 2000-2004. Millionar kroner ..... 85  
49. Kostnader til produktinnsats. 2000-2004. Millionar kroner ..... 85  
50. Bruttoinvesteringar. 2002-2004. Millionar kroner ..... 86  
51. Kapitalslit. 2000-2004. Millionar kroner ..... 86  
52. Driftsresultat for heilårsdrivne båtar 8 meter og over med ulike driftsformer. Gjennomsnitt pr. båt. 2004.  
Kroner ..... 86  
53. Kjende utlån til fiske, fangst og fiskeoppdrett pr. 31. desember. 2003-2004. Millionar kroner ..... 87  
54. Utbetalt statstilskott til stønad av fiskerinæringa mv., etter hovudpostar. 2002-2004. 1 000 kroner ..... 87
-

# List of figures

---

## Fishermen

1. Fishermen, by fishing as source of livelihood and county. 2004.....	16
--	----

---

## Survey of stocks

2. Total and spawning stock biomass. Northeast Arctic cod. 1950-2004. 1 000 tonnes .....	24
3. Total and spawning stock biomass. Northeast Arctic haddock. 1950-2004. 1 000 tonnes .....	24
4. Total and spawning stock biomass. Northeast Arctic saithe. 1960-2004. 1 000 tonnes .....	25
5. Spawning stock biomass. Norwegian spring-spawning herring. 1950-2004. 1 000 tonnes .....	25
6. Stock biomass of Barents Sea capelin (fish aged one year and over) 1972-2004. 1 000 tonnes .....	26
7. Quotas and catches. Northeast Arctic cod. 1978-2005 .....	27

---

## The catch

8. Quantity, by main group of fish species. 1976-2004 .....	36
9. Quantity of catch, by county. 2004 .....	37
10. Value of catch, by county. 2004 .....	38
11. Quantity and value, by disposition of the catch, in per cent of total catch. 2004 .....	39

---

# List of tables

## 1. Fishermen and fishing vessels

1. Fishermen, by fishing as source of livelihood. 1983-2004 .....	17
2. Fishermen, by fishing as source of livelihood and county. 2003 and 2004 .....	17
3. Fishermen, by fishing as source of livelihood and age. 2003 and 2004 .....	18
4. Fishermen with fishing as main occupation, by sex, age and county. 2004 .....	18
5. Fishing vessels, by type and length of vessel. 31 December. 2001-2004 .....	19
6. Fishing vessels, by type, length of vessel and county. 2004 .....	19
7. Fishing vessels, by building year, type of vessel and county. 2004 .....	20
8. Trawl licences and participating trawlers per 31 December, by county and trawler group. 2004 .....	20
9. Licences for deep water prawn-trawling, by length of vessel and county. 2004 .....	21
10. Purse seine vessels, by cargo capacity according to licence and county. 2004 .....	21

## 3. The catch

11. Quantity and value of catch, by main group of fish species. 1978-2004 .....	40
12. Total catch, by disposition of the catch. 1978-2004 .....	41
13. Price index for first hand sales of fish. (1994=100). 1994-2004 .....	42
14. Catch, by fishing gear and fish species. 2004. Tonnes live weight .....	43
15. Catch, by disposition and fish species. 2004. Tonnes live weight .....	44
16. Value of catch, by disposition and fish species. 2004. NOK 1 000 .....	45
17. Catch, by landing month and fish species. 2004. Tonnes live weight .....	46
18. Value of catch, by landing month and fish species. 2004. NOK 1 000 .....	48
19. Quantity of catch, by main group of fish species and fishing ground. 2004. Tonnes live weight .....	50
20. Value of catch, by main group of fish species and fishing ground. 2004. NOK 1 000 .....	52
21. Quantity and value of catch, by main group of fish species and type of vessel. 2004 .....	54
22. Quantity and value of catch, by main group of fish species, place of registration of the vessel and county. 2004 .....	55
23. Catch, by place of landing, fish species and county. 2004. Tonnes live weight .....	56
24. Value of catch, by place of landing, fish species and county. 2004. NOK 1 000 .....	58
25. Catch, by main group of fish species, place of landing and municipality. 2004 .....	60
26. Trawl catches, by cod fish, catching month and fishing ground. 2004.. Tonnes live weight .....	63
27. Quantity and value of catch for vessels with purse seine licence, by licenced capacity and place of registration of the vessel. 2004 .....	64
28. Quantity and value of catch, by sales co-operative. 2004 .....	64
29. Catch of capelin, by county of landing and fishing ground. 2004. Tonnes live weight .....	65
30. Quantity and value of capelin catch, by place of registration of the vessel. 2004 .....	65
31. Sealing. 1998-2004 .....	66
32. Whaling of small animals. 1974-2004 .....	67
33. Total catch of salmon caught within the limit of the fishing zone, by size and county. 1997-2004. Tonnes live weight .....	68
34. Fish farming. Salmon and rainbow trout. Number of units with fish for food and slaughtered quantity. 1980-2004 .....	68
35. World catch of fish, by disposition. Fish farming is included. 1996-2003. Million tonnes live weight .....	69
36. World catch of fish, by main group of fish species. Figures for important countries. 2003. 1 000 tonnes .....	69

## 4. Foreign landings of catch in Norway

37. Quantity and value of catch landed in Norway by foreign vessels, by main group of fish species. 1986-2004 .....	71
38. Quantity of catch landed in Norway by foreign vessels, by nationality of the vessel and fish species. 2004. Tonnes live weight .....	72
39. Value of catch landed in Norway by foreign vessels, by nationality of the vessel and fish species. 2004. NOK 1 000 .....	73

## 5. Processing, exports and imports

40. Local kind-of-activity units (local KAUs) and employed persons in fish processing industry, by industry subclass. 1998-2004.....	75
--	----

41. Local KAUs, employed persons, value added etc. in fish processing industry, by industry subclass and county. 2004 .....	76
42. Export of fish and fish products, by country of destination and commodity group. 1999-2004. NOK million .....	77
43. Export of fish and fish products, by country of destination and commodity group. 1999-2004. 1 000 tonnes....	79
44. Export of fish and fish products. Value for the three most important countries of destination, by commodity group. 2004. NOK million .....	81
45. Import of fish and fish products from various countries, by commodity group. 1999-2004 NOK million .....	82
46. Import of fish and fish products from various countries, by commodity group. 1999-2004. 1 000 tonnes .....	83

---

## 6. Profitability, aggregate account, subsidies etc.

47. National account figures for fishery and fish farming. 2000-2004. NOK million .....	85
48. Aggregate account for fishing, sealing and whaling. 2000-2004. NOK million .....	85
49. Expenditure for goods and services consumed. 2000-2004. NOK million .....	85
50. Gross investments. 2002-2004. NOK million .....	86
51. Depreciation. 2000-2004. NOK million .....	86
52. Operating results of whole-year operated fishing vessels 8 metres and more, by fishery. Average per vessel. 2004. NOK .....	86
53. Registered loans to the fishing and operation of fish farms per 31 December. 2003-2004. NOK million.....	87
54. Governmental subsidies to the fishing industry etc., by main groups. 2002-2004. NOK 1 000 .....	87

---

# 1. Fiskarar og båtar

## 1.1. Innleiing

Dette kapitlet gir eit oversyn over fiskarar og fiskebåtar som driv yrkesmessig fiske eller fangst.

Lov om registrering og merking av fiskefartøy av 5. desember 1917 og lov om retten til å delta i fiske og fangst av 26. mars 1999 nr. 15 § 22 slår fast at alle fartøy som driv fiske eller fangst skal førast inn i eit merkeregister. For fiskebåtar større enn 50 fot (15,7 m) treng ein òg løyve frå Fiskeridirektoratet.

Deltakinga i yrkesmessig fiske og fangst er regulert gjennom lov av 26. mars 1999 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova). Lova trådte i kraft 1. januar 2000.

Lovas formål er mellom anna å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Ved konsesjonar vert løyve til fiske og fangst avgrensa, likeins med årlege deltakaradgangar. Deltakinga i fisket er òg regulert indirekte ved fangstreguleringar. Dette er omtala i kapittel 3.2.

## 1.2. Konsesjonar (løyve)

Alle konsesjonar, utanom sel- og kvalfangst, er gitt til ein namngitt person eller selskap for fiske med ein namngitt båt. Ved eigarskifte og ved utskifting av fartøy må det søkjast om ny konsesjon.

Løyve til å delta i sel- og kvalfangst gis på årleg basis etter søknad. Alle konsesjonar/løyve er gitt av det offentlege etter søknad.

For 2004 hadde ein følgjande konsesjonsordningar gjevne i medhald av følgjande forskrifter:

- Forskrift av 12. desember 1986 om tildeling av løyve til å drive fiske med trål (trålforskrifta).
- Forskrift av 2. mars 1979 om åtgang til å delta i fiske med ringnot (ringnotforskrifta).
- Forskrift av 25. juli 1986 om midlartidig konsesjonsordning for fiske med snurrevad (snurrevadforskrifta).
- Forskrift av 8. mars 1974 om åtgangen til å delta i snurpenotfisket etter sei (seinotforskrifta).
- Forskrift av 29. juni 1984 om løyve til å drive trålfiske etter reke (reketrålforskrifta).

### Torsketrålkonsesjon (trålforskrifta, § 2-1)

Slik konsesjon tillet trålfiske etter alle fiskeartar med unntak av makrell, lodde, kolmule, vassild og sild og med unntak av trålfiske etter industrifisk (kolmule, tobis og augepål m.m.) i Nordsjøen innanfor området aust for 0-meridianen og sør for 64° n.br.

### Industritrålkonsesjon (trålforskrifta, § 5-1)

Slik konsesjon omfattar rett til å drive trålfiske etter nordsjøsild, augepål, tobis, o.a. sør for 64° N og aust av 4° V og etter torsk, sei, hyse, kviting o.a. i området sør for 62° N og aust av 4° V. Konsesjonen omfattar ikkje trålfiske etter lodde, polartorsk og vassild nord for 62° N og trålfiske etter norsk vårgytande sild og makrell. I visse høve kan konsesjonen også omfatte trålfiske etter sjøkreps sør for 62° N.

### Nordsjøkonsesjon (trålforskrifta, § 5-5 og 5-6)

For fartøy som ikkje er over 27,5 meter gir konsesjonen høve til å drive trålfiske etter nordsjøsild, augepål, tobis, o.a. sør for 64° N og etter torsk, sei, hyse, kviting, sjøkreps o.a. i området sør for 62° N og aust av 4° V. Konsesjonen omfattar ikkje trålfiske etter lodde, polartorsk og vassild nord for 62° N og trålfiske etter norsk vårgytande sild og makrell. Det kan i visse høve dispenseraserast for lengdegrensa på 27,5 meter.

### Avgrensa nordsjøkonsesjon (trålforskrifta, § 6-1)

Fartøy over 11 meter største lengde, men under 27,5 meter største lengde med reketråling sør for 62° N som hovuddriftsgrunnlag kan gjevast løyve til å drive trålfiske etter dei artar som vert omfatta av nordsjøtrålløyve (trålforskrifta, § 5-5) med unntak for nordsjøsild, tobis, augepål og kolmule mv. Det kan i særlege høve gjerast unntak frå storleiksgrensa på 27,5 meter.

### Makrelltrålkonsesjon (trålforskrifta, § 8a-1)

Konsesjonen gir høve til å drive trålfiske etter makrell i dei områda og til dei tider som vert bestemt av Fiskeridepartementet.

### Konsesjon til å fiske norsk vårgytande sild med trål (trålforskrifta, § 8-1)

Denne konsesjonen tillet tråling etter norsk vårgytande sild i dei områda og til dei tider som vert bestemt av Fiskeridepartementet.

### Bomtrålkonsesjon (trålforskrifta, § 5-9)

Det kan gjevast inntil fire løyve med rett til å drive trålfiske etter flatfisk (bomtrålkonsesjonar). Desse løyva er avgrensa til området sør for 62° N.

### Seitrålkonsesjon (trålforskrifta, § 7-1)

Løyve til å fiske sei, torsk, hyse og uer med trål i området sør for 65° N. Løyvet kan i visse høve utvidast til å omfatte trålfiske etter sjøkreps sør for 65° N.

### Kolmuletrålkonsesjon (trålforskrifta, § 10-1)

Konsesjonen gir høve til avgrensa tråling etter kolmule og polartorsk i områda vest av 0-meridianen og aust av 0-meridianen nord for 62° N.

### Lodde-trålkonsesjon (trålforskrifta, § 9-1)

Konsesjonen gir høve til tråling etter lodde og polartorsk.

**Vassildtrålkonsesjon (trålforskrifta, § 11-1)**

Konsesjonen gjev høve til å drive trålfiske etter vassild (*Argentina silus*) i området nord for 62° N og sør for ei linje som går mellom Myken Fyr og posisjon 67° 30' n.br. og 09° 10' a.l.

**Ringnotkonsesjon (ringnotforskrifta, § 2)**

Konsesjonsplikta gjeld båtar som skal fiske med ringnot etter sild, makrell, lodde, kolmule eller brisling, og som er på minst 90 fot (27,5 m) l.l., eller har ein lastekapasitet som er større enn 1 500 hl.

**Seinotkonsesjon (seinotforskrifta, § 1)**

Konsesjonsplikta gjeld fartøy på 90 fot, (27,5 meter l.l.) eller meir som skal fiske etter sei med snurpenot.

**Snurrevadkonsesjon (snurrevadforskrifta, § 1)**

Konsesjonsplikta gjeld båtar på 27,5 meter l.l. eller meir som skal drive fiske med snurrevad.

**Reketrålkonsesjon (reketrålforskrifta, § 2 og 3)**

Konsesjonsplikta gjeld båtar som skal fiske med trål etter reke etter i området nord for 62° N og som er på minst 65 fot (19,8 m) l.l., eller har ein bruttotonnasje på 50 eller meir.

**1.3. Statistiske kjelder****Fiskarmanntalet**

Sosialdepartementet v/Rikstrygdeverket hadde ansvar for føring av fiskarmanntalet til 1981. I kvar kommune med fiskarar skulle det vere ei manntalsnemnd og ein manntalsførar. Manntalsføresegnene var fastsett med heimel i trygdelovgjevinga. Kvaliteten på oppgåvene varierte frå kommune til kommune.

Frå 1. januar 1981 vart ansvaret for fiskarmanntalet overført frå Rikstrygdeverket til Fiskeridirektoratet. Bakgrunnen var at stadig fleire rettar, dei fleste av fiskeri- og næringsmessig karakter, vart knytt til å stå i manntalet. Lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa fastsette at det skulle vere ei fiskerinemnd i alle kommunar med fiskarar. Nemnda skulle ha det overordna ansvaret for føring av manntalet, og fiskerirettleiaren det daglege ansvaret.

26. september 1983 fastsette Fiskeridepartementet nye føresegner for føring av manntal for fiskarar og fangstmenn o.a. med heimel i rettleiingslova § 8. Dei nye føresegnene hadde noko strengare vilkår for opptak enn dei gamle, noko som førte til reduksjon i talet på yrkesfiskarar.

Same føresegner gjeld i hovudsak enno, men lovheimelen er overført til lov av 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskarar § 4, då lov om rettleiingstenesta i fiskerinæringa vart oppheva med verknad frå 1. juli 1998 og ordninga med fiskerinemnder fall bort. Dei lokale fiskerikontora/ manntalsførarar har no ansvaret

åleine for føring av fiskarmanntalet i kommunane. Den som søker opptak/overflytting i manntalet, må fylle ut eit spesielt søknadsskjema som vert handsama av manntalførar. Fiskeridirektoratet har sidan 1982 ført eit EDB-basert sentralregister over manntalførte yrkesfiskarar.

**Fiskeriteljingar**

Statistisk sentralbyrå har gjennomført fiskeriteljingar i 1948, 1960 og 1971. Desse teljingane gir dei mest pålitelege tala om fiskarar og båtar for dei åra teljingane er haldne. Det er ikkje planlagt å halde noko ny fiskeriteljing.

**Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar**

Alle båtar som vert nytta til yrkesmessig fiske, skal vere med i merkeregisteret som vert ført av Fiskeridirektoratet. Reiaren har plikt til å melde båten inn i registeret ved kjøp og melde han ut ved sal, kondemnering eller når båten går inn i annan verksemd enn fiske.

Fiskeridirektoratet gir årleg ut registeret over merkepliktige norske fiskefartøy på Internett under <http://www.fiskeridir.no> (fartøyregisteret).

Fiskeridirektoratet gir også ut eit hefte som heiter Fiskefartøy og fiskarar, konsesjoner og årlege deltakaradgangar. Denne rapporten vert også lagt ut på Internett under: <http://www.fiskeridir.no> (tall og fakta/statistikk).

**Konsesjonsregister/deltakarregister**

I dei fiskeria der deltakinga er konsesjonspliktig, fører Fiskeridirektoratet register over fiskefartøy som eigaren har spesielle løyve på. Register over fartøy som kan delta i fiskeri som det er fastsett årlege deltakaravgrensingar for vert likeeins ført av Fiskeridirektoratet.

**1.4. Definisjonar**

Føremålet med *fiskarmanntalet* er å sikre registrering av alle som er busett i riket og som har saltvassfiske eller dyrefangst i havet som næring. Dessutan vert fiskarmanntalet bruka m.a. ved tilståing av rettar eller stønadsordningar for dei som har heilt eller delvis fiske og fangst som leveveg. Mannskap som arbeidar på fiske- eller fangstfartøy har rett til opptak i manntalet sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuartar og maskinistar.

Manntalet skal reviderast ein gong for året og vere organisert i to delar. Eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudnæring (blad B), og eit over dei som har fiske eller fangst som attåttnæring (blad A). Vilkåra for opptak i manntalet er ein viss aktivitet i fiske samt øvre grense for aktivitet ved sida av fiske. For opptak på blad B krevjast i tillegg 20 veker driftstid i fiske og at fiskeriinntekta må utgjere minst 2/3 av samla inntekt.

# 1. Fishermen and fishing vessels

## 1.1. Introduction

This chapter gives a survey of fishermen and fishing vessels participating in the sea fisheries. The law of January 2000 that is used to adapt the catching capacity to the variable resources regulates the participation. Further details are given in section 3.2.

## 1.2. Licences

For 2004 the following types of licences were in operation:

- Eleven types of trawl licences
- Three types of purse seine licences
- Licences for deep water prawn fishing, sealing and whaling

All licences, except for sealing and whaling, are assigned to one particular person or company and for one particular vessel. In other words, a licence does not automatically follow the vessel with change of ownership. Licences for sealing and whaling are assigned only to persons and not to vessels.

All licences are rights given by the Ministry of Fisheries on application.

## 1.3. Sources

### Register of fishermen

The Directorate of Fisheries collected yearly, before 1982, information about the number of fishermen from the municipal fishery committees. This information was mainly based upon the municipal register of fishermen. The registration rules were changed in 1982, see 1.4. Definitions.

As from 1 January 1981 the responsibility for the register of fishermen was transferred from the National Insurance Institution to the Directorate of Fisheries. The local fishery committees deal with the content in application forms. The approved application forms are sent to the Directorate of Fisheries for registration on electronic data processing.

### Fishery censuses

Statistics Norway carried out fishery censuses in 1948, 1960 and 1971. The figures from these censuses represent the most reliable information about fishermen and fishing vessels for the census years. No new fishery census is planned.

### Norwegian register of fishing vessels

The Directorate of Fisheries registers all vessels that are used in commercial fishing in the Register of Norwegian Fishing Vessels. The vessel owner is obliged to report his vessel to the register and report removal by

sale, condemnation and withdrawing from fishing activities.

The Directorate of Fisheries publishes an annual publication called "Fiskefartøy og fiskarar" which contains information from the Vessels register and information from Register of Fishermen. The publication is presented on the Directorate of Fisheries's web pages. The Internet address is: <http://www.fiskeridir.no>.


### Licence register

In some fisheries participation is conditioned by licence from the authorities. The Directorate of Fisheries records such licences (see 1.1. Introduction).

## 1.4. Definitions

The municipal register of fishermen comprises persons who are engaged in sea fisheries, whaling or sealing. It includes fishermen with fishery as main occupation and fishermen with fishery as secondary occupation. Even crews on fishing vessels are included if they do not take part in fishing directly.

**Figur 1. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2004**  
*Fishermen, by fishing as source of livelihood and county. 2004*



Kjelde: Oppgaver frå fiskarmanntalet. **Source:** Information from the municipal register of fishermen.



**1. Fiskarar<sup>1</sup>, etter fiske som leveveg. 1983-2004**  
*Fishermen<sup>1</sup>, by fishing as source of livelihood. 1983-2004*

	Fiskarar i alt Number of fishermen, total	Hovudyrke Main occupation	Attåtyrke Secondary occupation
1983	28 304	22 455	5 849
1984	29 632	22 864	6 768
1985	29 566	22 465	7 101
1986	29 981	22 619	7 362
1987	29 915	22 622	7 293
1988	29 350	22 048	7 302
1989	28 655	21 448	7 207
1990	27 518	20 475	7 043
1991	26 966	20 003	6 963
1992	26 752	19 779	6 973
1993	25 396	19 072	6 324
1994	22 920	16 442	6 478
1995	23 653	17 160	6 493
1996	23 397	17 087	6 310
1997	22 916	16 661	6 255
1998	21 298	15 141	6 157
1999	21 273	15 328	5 945
2000 <sup>2</sup>	20 072	14 262	5 810
2001 <sup>2</sup>	18 899	13 679	5 220
2002 <sup>2</sup>	18 509	13 859	4 650
2003 <sup>2</sup>	17 205	13 240	3 965
2004*	15 586	12 677	2 909

<sup>1</sup> Sjå 1.4. Definisjonar, side 14. See 1.4. Definitions, page 15. <sup>2</sup> Revisjon av "Fiskarmanntalet" har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for åra 2000-2003. Revision of the register "Fiskarmanntalet" has resulted in changes compared to earlier published statistics for the years 2000-2003.

Kjelde: Oppgaver frå fiskarmanntalet. Source: Information from the municipal register of fishermen.

**2. Fiskarar<sup>1</sup>, etter fiske som leveveg og fylke. 2003-2004**  
*Fishermen<sup>1</sup>, by fishing as source of livelihood and county. 2003-2004*

	Fiskarar i alt Number of fishermen, total		Hovudyrke Main occupation		Attåtyrke Secondary occupation	
	2003	2004*	2003	2004*	2003	2004*
<b>I alt Total</b>	<b>17 205</b>	<b>15 586</b>	<b>13 240</b>	<b>12 677</b>	<b>3 965</b>	<b>2 909</b>
Østfold	208	210	149	143	59	67
Akershus	40	34	32	30	8	4
Oslo	73	65	68	59	5	6
Hedmark	2	11	2	11	-	-
Oppland	7	9	7	9	-	-
Buskerud	27	25	23	20	4	5
Vestfold	106	104	81	78	25	26
Telemark	101	96	60	60	41	36
Aust-Agder	169	171	110	118	59	53
Vest-Agder	454	382	280	259	174	123
Rogaland	771	724	552	543	219	181
Hordaland	1 190	1 098	985	965	205	133
Sogn og Fjordane	1 001	951	827	793	174	158
Møre og Romsdal	4 003	3 191	3 015	2 810	988	381
Sør-Trøndelag	544	529	406	406	138	123
Nord-Trøndelag	437	334	306	270	131	64
Nordland	4 001	3 816	3 292	3 196	709	620
Troms	2 404	2 319	1 840	1 758	564	561
Finnmark Finnmarku	1 667	1 517	1 205	1 149	462	368

<sup>1</sup> Revisjon av "Fiskarmanntalet" har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for 2003. Revision of the register "Fiskarmanntalet" has resulted in changes compared to earlier published statistics for the year 2003.

Kjelde: Oppgaver frå fiskarmanntalet. Source: Information from the municipal register of fishermen.

**3. Fiskarar<sup>1</sup>, etter fiske som leveveg og alder. 2003-2004.**  
*Fishermen, by fishing as source of livelihood and age. 2003-2004*

	Fiskarar i alt <i>Number of fishermen, total</i>		Hovudyrke <i>Main occupation</i>		Attåtårke <i>Secondary occupation</i>	
	2003	2004*	2003	2004*	2003	2004*
<b>I alt Total</b> .....	<b>17 205</b>	<b>15 586</b>	<b>13 240</b>	<b>12 677</b>	<b>3 965</b>	<b>2 909</b>
Under 20 år <i>Under 20 years</i> .....	358	299	350	286	8	13
20 - 29 år <i>20 - 29 years</i> .....	2 344	2 144	2 285	2 097	59	47
30 - 39 år <i>30 - 39 years</i> .....	3 294	3 080	3 142	2 948	152	132
40 - 49 år <i>40 - 49 years</i> .....	3 106	3 049	2 876	2 827	230	222
50 - 59 år <i>50 - 59 years</i> .....	3 487	3 276	2 970	2 849	517	427
60 - 66 år <i>60 - 66 years</i> .....	1 840	1 797	1 283	1 338	557	459
67 - 69 år <i>67 - 69 years</i> .....	681	572	294	289	387	283
70 år og over <i>70 år and over</i> .....	2 095	1 369	40	43	2 055	1 326

<sup>1</sup> Revisjon av "Fiskarmanntalet" har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for 2003.  
*Revision of the register "Fiskarmanntalet" has resulted in changes compared to earlier published statistics for the year 2003.*  
 Kjelde: Oppgaver frå fiskarmanntalet. *Source: Information from the municipal register of fishermen.*

**4. Fiskarar som har fiske som hovudyrke, etter kjønn, alder og fylke. 2004\***  
*Fishermen with fishing as main occupation, by sex, age and county. 2004\**

	Fiskarar <i>Fishermen</i>		Under 20 år <i>Under 20 years</i>	20-29 år <i>20-29 years</i>	30-39 år <i>30-39 years</i>	40-49 år <i>40-49 years</i>	50-59 år <i>50-59 years</i>	60-66 år <i>60-66 years</i>	67-69 år <i>67-69 years</i>	70 år og over <i>70 years and over</i>
	I alt <i>Total</i>	Av dette kvinner <i>Of which females</i>								
<b>I alt Total</b> .....	<b>12 677</b>	<b>281</b>	<b>286</b>	<b>2 097</b>	<b>2 948</b>	<b>2 827</b>	<b>2 849</b>	<b>1 338</b>	<b>289</b>	<b>43</b>
Østfold .....	143	6	1	14	30	42	38	15	2	1
Akershus .....	30	1	1	6	12	4	5	2	-	-
Oslo .....	59	3	-	8	24	9	11	5	2	-
Hedmark .....	11	1	1	6	2	1	1	-	-	-
Oppland .....	9	-	-	4	3	-	1	1	-	-
Buskerud .....	20	-	-	3	4	6	6	1	-	-
Vestfold .....	78	5	1	9	23	13	22	7	3	-
Telemark .....	60	1	-	10	14	18	11	5	1	1
Aust-Agder .....	118	5	1	18	27	34	27	8	3	-
Vest-Agder .....	259	3	2	38	44	71	68	26	8	2
Rogaland .....	543	13	12	84	114	131	103	82	14	3
Hordaland .....	965	12	40	244	241	187	180	64	9	-
Sogn og Fjordane .....	793	9	21	156	177	189	170	56	23	1
Møre og Romsdal .....	2 810	78	94	586	731	637	521	203	35	3
Sør-Trøndelag .....	406	10	4	76	78	85	92	54	12	5
Nord-Trøndelag .....	270	3	4	42	72	52	47	38	12	3
Nordland .....	3 196	83	54	454	723	719	757	403	80	6
Troms .....	1 758	30	41	226	369	384	463	210	53	12
Finnmark Finnmarku. ....	1 149	18	9	113	260	245	326	158	32	6

Kjelde: Oppgaver frå fiskarmanntalet. *Source: Information from the municipal register of fishermen.*

### 5. Fiskebåtar, etter båttype og lengste lengd. 31. desember. 2001-2004

*Fishing vessels, by type and length of vessel. 31 December. 2001-2004*

Båttype Lengd <i>Type of vessel Length</i>	2001 <sup>1</sup>	2002 <sup>1</sup>	2003 <sup>1</sup>	2004	Samla avgang <sup>2</sup> 2004 Total decrease <sup>2</sup> 2004	Samla tilgang <sup>2</sup> 2004 Total increase <sup>2</sup> 2004
<b>Alle båtar All vessels</b> .....	<b>11 922</b>	<b>10 641</b>	<b>9 911</b>	<b>8 184</b>	<b>2 568</b>	<b>875</b>
<b>Opne båtar i alt Open vessels, total</b> .....	<b>3 751</b>	<b>2 841</b>	<b>2 352</b>	<b>1 445</b>	<b>1 050</b>	<b>143</b>
Under 6 meter (19,1 fot) <i>Under 6 metres (19,1 feet)</i> .....	2 761	2 126	1 709	1 003	1 796	91
6- 7,9 meter (19,1-25,4 fot) <i>6- 7,9 metres (19,1-25,4 feet)</i> .....	767	534	476	314	204	42
8 meter og over (25,5 fot) <i>8 metres and over (25,5 feet)</i> .....	223	181	167	128	50	10
<b>Dekte båtar i alt Decked vessels, total</b> .....	<b>8 171</b>	<b>7 800</b>	<b>7 559</b>	<b>3 673</b>	<b>1 518</b>	<b>732</b>
Dekte båtar av tre <i>Decked wooden vessels</i> .....	3 368	3 087	2 869	2 396	730	289
Under 10 meter (31,9 fot) <i>Under 10 metres (31,9 feet)</i> .....	1 999	1 778	1 600	1 250	457	116
10 - 12,9 meter (31,9-41,3 fot) <i>10 - 12,9 metres (31,9-41,3 feet)</i> .....	379	654	625	571	114	56
13 - 19,9 meter (41,4-63,6 fot) <i>13 - 19,9 metres (41,4-63,6 feet)</i> .....	581	552	540	479	132	95
20 meter og over (63,7 fot) <i>20 metres and over (63,7 feet)</i> .....	109	103	104	96	27	22
Dekte båtar av stål <i>Decked steel vessels</i> .....	682	655	648	626	118	101
Under 20 meter (63,7 fot) <i>Under 20 metres (63,7 feet)</i> .....	166	162	166	165	20	19
20 - 29,9 meter (63,7-95,5 fot) <i>20 - 29,9 metres (63,7-95,5 feet)</i> .....	174	182	195	193	38	36
30 - 44,9 meter (95,6-143,3 fot) <i>30 - 44,9 metres (95,6-143,3 feet)</i> .....	175	147	125	107	29	13
45 meter og over (143,4 fot) <i>45 metres and over (143,4 feet)</i> .....	167	164	162	161	31	33
Andre dekte båtar, vesentleg plast <i>Other decked vessels, mostly plastics</i> .....	4 121	4 058	4 042	3 714	670	342
Under 8 meter (25,5 fot) <i>Under 8 metres (25,5 feet)</i> .....	1 288	1 191	1 161	905	325	71
8 - 9,9 meter (25,5-31,8 fot) <i>8 - 9,9 metres (25,5-31,8 feet)</i> .....	1 570	1 538	1 516	1 429	231	148
10 meter og over (31,9 fot) <i>10 metres and over (31,9 feet)</i> .....	1 263	1 329	1 365	1 380	114	123

<sup>1</sup> Revisjon av merkeregisteret har medført endringar i tidlegare publisert statistikk. *Revision of the register of vessels has resulted in changes compared to earlier published statistics.*

<sup>2</sup> Fartøy som er registrert med fleire avgangar, tilgangar eller flyttingar i året er berre talt med ein gong. *Vessels registered with several decreases, increases, movements a year are counted only once.* <sup>3</sup> Medrekna 3 fartøy med uoppgitt båttype. *Included 3 vessels with unknown type of vessel.*

Kjelde: Fiskeridirektoratet. *Source: The Directorate of Fisheries.*

### 6. Fiskebåtar, etter båttype, lengste lengd og fylke. 2004

*Fishing vessels, by type, length of vessel and county. 2004*

Båtar ialt <i>Vessels total</i>	Opne båtar <i>Open vessels</i>	Dekte båtar av tre, stål og andre dekte båtar, vesentleg plast <i>Decked wooden vessels, decked steel vessels and other decked vessels, mostly plastic</i>								
		Under 10 meter	10-14,9 meter	15-20,9 meter	21-29,9 meter	30-39,9 meter	40-49,9 meter	50-59,9 meter	60 meter og over	
		<i>Under 10 metres</i>	<i>10-14,9 metres</i>	<i>15-20,9 metres</i>	<i>21-29,9 metres</i>	<i>30-39,9 metres</i>	<i>40-49,9 metres</i>	<i>50-59,9 metres</i>	<i>60 metres and over</i>	
<b>Ialt Total</b> .....	<b>8 184</b>	<b>1 445</b>	<b>3 600</b>	<b>2 185</b>	<b>414</b>	<b>272</b>	<b>63</b>	<b>74</b>	<b>50</b>	<b>81</b>
Østfold .....	120	26	54	35	4	1	-	-	-	-
Akershus .....	16	-	14	2	-	-	-	-	-	-
Oslo .....	5	-	4	1	-	-	-	-	-	-
Buskerud .....	4	1	2	1	-	-	-	-	-	-
Vestfold .....	69	9	36	24	-	-	-	-	-	-
Telemark .....	75	16	40	17	1	1	-	-	-	-
Aust-Agder .....	118	32	50	28	5	3	-	-	-	-
Vest-Agder .....	273	83	115	46	14	10	5	-	-	-
Rogaland .....	425	42	212	110	20	19	8	10	3	1
Hordaland .....	541	65	279	125	9	14	4	5	8	32
Sogn og Fjordane .....	402	51	173	105	24	32	10	6	1	-
Møre og Romsdal .....	946	87	451	248	23	34	27	25	19	32
Sør-Trøndelag .....	298	26	154	101	6	8	1	-	-	2
Nord-Trøndelag .....	216	42	104	61	5	3	-	-	-	1
Nordland .....	2 127	263	952	615	182	87	4	8	9	7
Troms .....	1 393	444	509	319	66	33	2	11	7	2
Finnmark Finnmarku .....	1 156	258	451	347	55	27	2	9	3	4

Kjelde: Fiskeridirektoratet. *Source: The Directorate of Fisheries.*

### 7. Fiskebåtar, etter byggjeår, båttyppe og fylke. 2004

*Fishing vessels, by building year, type of vessel and county. 2004*

Båttyppe Fylke Type of vessel County	Båtar i alt Vessels, total	Etter byggjeår By building year							Uoppgitt Un- known
		Før 1970 Before 1970	1970- 1979	1980- 1989	1990- 1999	2000- 2002	2003	2004	
<b>I alt Total</b> .....	<b>8 184</b>	<b>1 393</b>	<b>2 379</b>	<b>2 971</b>	<b>893</b>	<b>359</b>	<b>104</b>	<b>58</b>	<b>27</b>
<b>Opne båtar i alt Open vessels, total</b> .....	<b>1 445</b>	<b>195</b>	<b>479</b>	<b>534</b>	<b>152</b>	<b>44</b>	<b>16</b>	<b>11</b>	<b>14</b>
<b>Dekte båtar i alt<sup>1</sup> Decked vessels, total<sup>1</sup></b> .....	<b>6 739</b>	<b>1 198</b>	<b>1 900</b>	<b>2 437</b>	<b>741</b>	<b>315</b>	<b>88</b>	<b>47</b>	<b>13</b>
Dekte båtar av tre <i>Decked wooden vessels</i> .....	2 396	1 070	859	404	44	9	1	1	8
Dekte båtar av stål <i>Decked steel vessels</i> .....	626	90	119	206	116	70	16	9	-
Andre dekte båtar <i>Other decked vessels</i> , .....	3 714	38	922	1 825	581	236	70	37	5
Østfold .....	120	25	19	46	25	4	1	-	-
Akershus .....	16	-	6	8	1	-	1	-	-
Oslo .....	5	-	2	1	2	-	-	-	-
Buskerud .....	4	2	-	2	-	-	-	-	-
Vestfold .....	69	15	11	27	11	2	1	2	-
Telemark .....	75	11	22	26	13	2	-	-	1
Aust-Agder .....	118	16	24	47	25	3	1	2	-
Vest-Agder .....	273	47	48	100	51	18	4	3	2
Rogaland .....	425	91	121	134	37	26	9	4	3
Hordaland .....	541	89	136	177	74	36	17	10	2
Sogn og Fjordane .....	402	64	96	176	50	11	2	3	-
Møre og Romsdal .....	946	130	286	348	121	47	6	6	2
Sør-Trøndelag .....	298	51	106	89	28	12	9	1	2
Nord-Trøndelag .....	216	40	58	72	26	9	6	2	3
Nordland .....	2 127	414	640	748	188	88	33	13	3
Troms .....	1 393	205	415	581	115	56	10	6	5
Finnmark Finnmarku .....	1 156	193	389	389	126	45	4	6	4

<sup>1</sup> Medrekna 3 fartøy med uoppgitt materiale. *Included 3 vessels with unknown material.*

Kjelde: Fiskeridirektoratet. *Source: The Directorate of Fisheries.*

### 8. Trålkonsesjonar og deltakande trålarar i konsumtrålfisket pr. 31. desember, etter fylke og trålargruppe. 2004

*Trawl licences and participating trawlers per 31 December, by county and trawler group. 2004*

Fylke County	Trålkonsesjonar <sup>1</sup> Trawl licences <sup>1</sup>										Deltakande trålara <sup>2</sup> Parti- cipating trawlers <sup>2</sup>
	I alt Total	Ringnot Purse seine	Torsketrål Cod trawl	Industri- trål Industrial	Nord- sjøtrål North Sea trawl	Norsk vår- gytande sild Spring spawning	Reketrål Shrimp trawl	Lodde- trål Capelin trawl	Kol- muletrål Blue whi- ting trawl	Anna <sup>2</sup> Other <sup>2</sup>	
<b>I alt Total</b> .....	<b>709</b>	<b>86</b>	<b>69</b>	<b>52</b>	<b>100</b>	<b>57</b>	<b>90</b>	<b>114</b>	<b>46</b>	<b>95</b>	<b>383</b>
Østlandet/Agder <i>Eastern Norway</i> ..	88	-	-	4	49	12	-	14	-	9	54
Rogaland .....	110	2	-	17	33	20	1	19	-	18	55
Hordaland .....	126	37	-	12	8	10	3	17	26	13	59
Sogn og Fjordane .....	2	2	-	-	-	-	-	-	-	-	2
Møre og Romsdal .....	168	23	20	15	7	12	26	15	15	35	89
Sør-Trøndelag .....	13	2	1	-	-	1	1	5	1	2	5
Nord-Trøndelag .....	5	1	-	-	-	-	-	1	1	2	2
Nordland .....	86	10	16	3	2	-	23	19	2	11	53
Troms .....	70	6	16	1	1	1	24	19	1	1	41
Finnmark Finnmarku .....	41	3	16	-	-	1	12	5	-	4	23

<sup>1</sup> Enkelte fartøy kan ha fleire tilleggskonsesjonar. *Some vessels may have supplementary licences.* <sup>2</sup> Seitrål, makrelltrål, seisnurp, snurrevad, vassildtrål og flatfisk løyve.

*Saithe trawl, mackerel trawl, purse seine fishing for saithe, danish seine, trawl licence for argentine and beamtrawl.*

Kjelde: Fiskeridirektoratet. *Source: The Directorate of Fisheries.*

**9. Reke-trålkonsesjonar, etter lengda på båten og fylke. 2004**  
*Licences for deep water prawn-trawling, by length of vessel and county. 2004*

	I alt Total	Lengd Length				
		Under 30 meter Under 30 metres	30-39,9 meter 30-39,9 metres	40-49,9 meter 40-49,9 metres	50-59,9 meter 50-59,9 metres	60 meter og over 60 metres and over
<b>I alt Total</b> .....	<b>90</b>	<b>27</b>	<b>11</b>	<b>15</b>	<b>21</b>	<b>16</b>
Rogaland .....	1	-	-	-	1	-
Hordaland .....	3	1	1	-	-	1
Møre og Romsdal .....	26	1	5	1	9	10
Sør-Trøndelag .....	1	-	1	-	-	-
Nordland .....	23	13	1	4	4	1
Troms .....	24	10	2	7	5	-
Finnmark Finnmarku .....	12	2	1	3	2	4

Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

**10. Tal ringnotbåtar<sup>1</sup> og lastekapasitet, etter lastekapasiteten med konsesjon<sup>2</sup> og fylke. 2004**  
*Purse seine vessels<sup>1</sup>, by cargo capacity according to licence<sup>2</sup> and county. 2004*

Lastekapasitet Cargo capacity	I alt Total	Rogaland	Horda- land	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør- Trøndelag	Nord- Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark Finnmarku
<b>Kapasitet hl Capacity hl</b> .....	<b>800 100</b>	<b>11 000</b>	<b>383 100</b>	<b>14 950</b>	<b>224 700</b>	<b>19 800</b>	<b>10 000</b>	<b>76 650</b>	<b>41 400</b>	<b>18 500</b>
<b>Under 4 000 hl Under 4 000 hl</b>										
Tal båtar Number of vessels .....	2	-	-	-	1	-	-	1	-	-
Kapasitet hl Capacity hl .....	6 150	-	-	-	2 650	-	-	3 500	-	-
<b>4 000 - 5 999 hl 4 000 - 5 999 hl</b>										
Tal båtar Number of vessels .....	12	1	3	-	2	-	-	2	3	1
Kapasitet hl Capacity hl .....	56 750	4 000	14 500	-	8 250	-	-	8 350	17 150	4 500
<b>6 000 - 7 999 hl 6 000 - 7 999 hl</b>										
Tal båtar Number of vessels .....	17	1	7	2	2	-	-	2	2	1
Kapasitet hl Capacity hl .....	123 050	7 000	52 150	14 950	15 050	-	-	13 750	14 150	6 000
<b>8 000 - 9 999 hl 8 000 - 9 999 hl</b>										
Tal båtar Number of vessels .....	18	-	6	-	7	1	-	3	-	1
Kapasitet hl Capacity hl .....	160 200	-	55 950	-	61 700	8 000	-	26 550	-	8 000
<b>10 000 hl og over 10 000 hl and over</b>										
Tal båtar Number of vessels .....	37	-	21	-	11	1	1	2	1	-
Kapasitet hl Capacity hl .....	453 950	-	260 500	-	137 050	11 800	10 000	24 500	10 100	-

<sup>2</sup> Nærare om ringnotkonsesjonar i kapittel 1.2.2 Further about purse seine licences in chapter 1.2.

Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

## 2. Oversikt over bestandar

### 2.1. Innleiing

I dette avsnittet vert det gitt ei kort oversikt over utviklinga i nokre viktige fiskebestandar i havområda våre, men på grunn av det korte intervallet sidan førre utgåve av NOS Fiskeristatistikk er bestandstala ikkje oppdaterte.

Figurane 2 til 6 viser utviklinga i bestandane av nordaustarktisk torsk, hyse og sei, norsk vårgytande sild og lodde i Barentshavet.

### 2.2. Utviklinga i bestandane

Utviklinga i bestanden av nordaustarktisk *torsk* er vist i figur 2. Totalbestanden auka til 2,4 millionar tonn i 1993. Sidan gjekk bestanden ned, men har auka noko i dei seinare åra. Overslaget for 2004 er på 1,6 millionar tonn. Overslaget for gytebestanden dette året er på 0,7 millionar tonn. Tidlegare kjønsmogning har vore ei viktig årsak til auken i gytebiomassen etter 2000. Figur 7 viser kvotar og fangst av nordaustarktisk torsk i perioden 1978-2005.

Bestanden av nordaustarktisk *hyse* auka frå noko over 50 000 tonn i 1984 til 290 000 tonn i 1986 (sjå figur 3). Etter 1986 gjekk bestanden noko ned i nokre år, men auka så mykje fram til 1994 (om lag 550 000 tonn). Overslaget for bestandsstorleiken i 2004 er på 360 000 tonn.

Bestanden av nordaustarktisk *sei* har i dei seinaste åra vore på rundt 1 million tonn (sjå figur 4).

Utviklinga for bestanden av norsk vårgytande *sild* er vist i figur 5. I 1987 vart hovudtyngda av den talrike 1983-årsklassen kjønnsmoden, og gytebestanden auka frå om lag 1 million tonn i 1987 til 2,9 millionar tonn i 1988. Gytebestanden i 2004 er rekna til 7 millionar tonn. Framtidsutsiktene for bestanden synes gode, blant anna grunna den gode 2002-årsklassen.

Loddebestanden i Barentshavet braut saman i 1986/87, delvis på grunn av fiske, men også av naturlege årsaker. Den tok seg raskt opp att, men hadde i 1993 igjen ein kraftig nedgang. Bestandstorleiken av eitt år gamal og eldre lodde hausten 2004 er rekna til 0,7 millionar tonn (figur 6). Dette kan karakteriserast som eit nytt samanbrott, men er ikkje vurdert til primært å skuldast fiske.

### 2.3. Kjelder

Viktige kjelder til bestandstal er Havforskningsinstituttet og Det internasjonale havforskningsrådet (ICES). I ICES er det arbeidsgrupper som kvart år kjem saman for å vurdere tilstanden. Det blir utarbeidd grupperapportar som mellom anna gir oversikter over utviklinga i bestandane. Arbeidsgruppene rapporterer til ICES' Rådgivande komité for fiskeriforvaltning (ACFM).

Havforskningsinstituttet gir årleg ut sin rapport *Havets ressurser og miljø*.

## 2. Survey of stocks

### 2.1. Introduction

In this paragraph a short overview of the trends for some important fish stocks in Norwegian waters is presented. Due to the short interval since the previous issue of NOS Fishery Statistics, the figures have not been updated.

Figures 2 to 6 show the development in stock biomass for northeast arctic cod, haddock, saithe, Norwegian spring-spawning herring, and Barents Sea capelin.

### 2.2. Development of the stocks

The development of the stock of northeast arctic *cod* is shown in figure 2. The total stock increased to 2.4 million tonnes in 1993. After that, the stock decreased for several years, but in the later years it has again started to grow.

The 2004 stock estimate is 1.6 million tonnes. The estimate of the spawning stock this year is 0.7 million tonnes. Since 2000, earlier sexual maturity has been an important reason for the rise in spawning stock biomass. Figure 7 displays quotas and catches of northeast arctic cod in the period 1978-2005.

The total stock of northeast arctic *haddock* increased from a little over 50 000 tonnes in 1984 to 290 000 tonnes in 1986 (figure 3). After 1986 the stock size decreased for some years, but had a substantial growth up until 1994 (about 550 000 tonnes). The estimate of the total stock size in 2004 is 360 000 tonnes.

The stock of northeast arctic *saithe* has been at a level of about 1 million tonnes in the recent years (figure 4).

The development of the stock of Norwegian spring-spawning *herring* is shown in figure 5. In 1987 the majority of the numerous 1983-year class reached maturity, and the spawning stock increased from about 1 million tonnes in 1987 to 2.9 million tonnes on 1988. The spawning stock in 2004 is estimated to be 7 million tonnes. The stock is in a positive trend with recruitment expected to increase in the coming years due to the strong 2002-year class.


The capelin stock in the Barents Sea collapsed in 1986-1987, partly as a result of overfishing, but also from natural causes. It recovered rapidly after this, but dropped sharply again in 1993. The stock size of one year old and older capelin by autumn 2004 is estimated to be 0.7 million tonnes (figure 6). This can be characterized as a new collapse.

### 2.3. Sources


Important sources for stock data are the Norwegian Institute of Marine Research and the International Council for the Exploration of the Sea (ICES). Each year ICES' working groups meet to assess the status of important fish

stocks, and working group reports - that among other things contain figures for stock development - are produced. The working groups report to ICES' Advisory Committee on Fishery Management (ACFM). The Norwegian Institute of Marine Research also publishes their own annual report *Havets ressurser og miljø* (Marine resources and environment).

**Figur 2. Totalbestand og gytebestand for nordaustartisk torsk. 1950-2004. 1 000 tonn.**  
*Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic cod. 1950-2004. 1 000 tonnes.*




**Figur 3. Totalbestand og gytebestand for nordaustartisk hyse. 1950-2004. 1 000 tonn.**  
*Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic haddock. 1950-2004. 1 000 tonnes.*







**Figur 4. Totalbestand og gytebestand for nordaustarktisk sei. 1960-2004. 1 000 tonn.**  
*Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic saithe. 1960-2004. 1 000 tonnes*





**Figur 5. Gytebestand for norsk vårgytande sild. 1950-2004. 1 000 tonn.**  
*Spawning Stock Biomass. Norwegian Spring-spawning herring. 1950-2004. 1 000 tonnes*



**Figur 6** Bestand av lodde i Barentshavet (eitt år gamal og eldre fisk) 1972-2004. 1000 tonn.  
*Stock biomass of Barents Sea capelin (fish aged one year and over), 1972-2004. 1000 tonnes*



**Figur 7. Kvotar og fangst. Nordaustarktisk torsk<sup>1</sup>. 1978-2005.**  
*Quotas and catches. Northeast Arctic cod<sup>1</sup>. 1978-2005*



<sup>1</sup> Norsk kysttorsk er ikkje medrekna. <sup>2</sup> For åra 1990-1994 er utrekna tal for urapportert overfiske tekne med. Urapportert overfiske i seinare år: 2002: 90 000 tonn, 2003: 115 000 tonn, 2004: 90 000 tonn. <sup>3</sup> Medrekna overføringar. <sup>4</sup> Medrekna norske fartøyers fiske på russisk kvote.

<sup>1</sup> Norwegian coastal cod is not included. <sup>2</sup> For the years 1990-1994 estimated figures for unreported overfishing are included. Estimates of unreported catches in recent years: 2002: 90 000 tonnes, 2003: 115 000 tonnes, 2004: 90 000 tonnes. <sup>3</sup> Included transfers of fishing rights. <sup>4</sup> Norwegian vessels' catches on the Russian quota included.

<sup>4</sup> Norwegian vessels' catches on the Russian quota included.

## 3. Fangsten

### 3.1. Innleiing

Dette kapitlet omfattar fangstar frå sjøfisket leverte av norske fiskarar i Noreg eller utanlands. Fangst som er levert frå norske fartøy ved kjøp av kvotar frå andre land (joint venture) er medrekna i tala. Forskningsfangst vil også være medrekna. Utanlandske fartøy sine landingar av fangst i Noreg er ikkje medrekna i tala. I 1954 vart det bestemt av FN sin statistiske komité at ansvar for innsamling av fangstopplysningar og produksjon av fangststatistikk skal vere knytt til flaggstaten til fiskefartøyet. Det er også teke med tabellar som viser utbyttet etter laks og sjøaure, selfangst, kvalfangst fiskeoppdrett og utbyttet av fiskeria i andre land.

### 3.2. Kvotar, avtalar og fangstreguleringar

Noreg oppretta ei økonomisk sone på 200 nautiske mil frå 1. januar 1977 og ei fiskevernsonen på 200 nautiske mil rundt Svalbard 15. juni 1977. Ved kongeleg resolusjon av 23. mai 1980 vart fiskerisona rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980. Sidan det ikkje var semje om ei endeleg deleline mellom norsk og sovjetisk sone i Barentshavet, vart Noreg og Sovjetunionen 11. januar 1978 samde om ein mellombels avtale som regulerer fisket i grenseområda (Gråsonavtalen). Denne avtalen må fornyast kvart år.

Utanlandsk fiske i Noregs økonomiske sone (NØS) kan berre finna stad med heimel i fiskerivtale mellom Noreg og dei aktuelle flaggstatar for dei utanlandske fartøya. Forskrifter av 13. mai 1977 gav heimel for å inngå avtalar med andre land som gir dei løyve til å fiske i Noreg si sone. I tida etter 1977 er det inngått følgjande avtalar:

- Avtalar om gjensidige fangstrettar med den Europeiske Unionen (EU), Russland, Færøyane og Grønland. Føremålet med desse avtalane var å opprette ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Sidan det er naudsynt med felles innsats for å sikre ei effektiv forvaltning av fiskeartar som vandrar over sonegrensene, inneheld fiskerivtalen med EU og Russland reglar for samarbeid om forvaltninga av fellesbestandane i respektive Nordsjøen og Barentshavet. Avtalane gjeld i ti år.
- Etter at Sverige vart medlem av EU, forhandlar EU ein eigen avtale på vegne av Sverige (Nabolandsavtale), som gir Sverige løyve til å fiske i NØS i Nordsjøen.
- Avtalar som gav Polen og det tidlegare DDR løyve til å fiske på overskotsbestandar i norsk sone.
- For Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat har Noreg, Sverige og Danmark ein trerikesavtale som gjeld fram til 2007. Denne avtalen gir fiskarar frå dei tre landa høve til å fiske inntil 4 nautiske mil

frå grunnlinene i området utan omsyn til soneinndeling. Reguleringstiltak for området skal vere basert på avtalar mellom dei tre landa. Sidan 1978 har EU forhandla på vegne av Danmark og sidan 1996 på vegne av Sverige også.

- Ein fempartsavtale om norsk vårgytande sild mellom Island, Færøyane, EU, Russland og Noreg, som gir dei andre partane tilgang til norske farvatn. Denne avtalen gjeld for eit år av gongen.
- Ein trepartsavtale om lodde mellom Grønland, Island og Noreg, kor det er avtalt gjensidig tilgang til kvarandres soner.

Noreg er medlem av organisasjonane NEAFC (The North East Atlantic Fisheries Organization) og NAFO (Northwest Atlantic Fisheries Organization) som forvaltar fisket i internasjonale område høvesvis i det nord-austlege og det nordvestlege Atlanterhav. NEAFC vart oppretta i 1953 og fekk mykje å seie forvaltningsmessig frå 1998. NAFO vart oppretta i 1949.

Kvart år gir Den rådgivande komité for fiskeriforvaltning (ACFM) i Det Internasjonale Rådet for Havforskning (ICES) sine tilrådingar for totalt fiske av dei ein-skilde fiskeslaga. Desse tilrådingane er utgangspunkt for drøftingar og konsultasjonar mellom Noreg og dei landa som Noreg har inngått avtalar med.

### Avklaring av kvoteomgrepa

I forhandlingane med andre land, i tilfelle der det er snakk om fellesbestandar, vert det først fastsett ein *totalkvote* (TAC) som så vert fordelt mellom dei aktuelle avtalepartane etter avtalte fordelingsnøklar.

I forhandlingane mellom Noreg og Russland vert det i fellesskap fastsett ein TAC for dei artane som dei to landa forvaltar saman; dvs. norsk-arktisk torsk, norsk-arktisk hyse og lodde. Noreg og Russland vert samde om den del av totalkvoten som skal setjast av til tredjeland, dvs. land som ikkje er med i forhandlingane. Deretter vert kvoten delt mellom Noreg og Russland. Forhandlingane kan vidare gi overføringar av kvotar mellom partane. Sluttresultatet av desse forhandlingane vil vidare i presentasjonen bli kalla *nasjonal kvote*. I perioden frå tidleg på 1990-talet til og med 2000 kjøpte private norske reiarlag kvotar av torsk og hyse frå Russland. Dette kvantumet kom som fråtrekk av russisk nasjonal kvote, og eventuelt som tillegg til norsk nasjonal kvote.

I forhandlingane med EU om fellesbestandane blir det ikkje avsett kvotar til tredjeland, men totalkvoten blir først fordelt mellom partane. Dernest vert det ofte for ein-skilde bestandar avtalt overføringar mellom partane. Sluttresultatet frå desse forhandlingane blir Noreg sin nasjonale kvote. Tildelingar til tredjeland skjer i desse tilfella i eigne forhandlingar med tredjelanda, t.d. mel-

lom Noreg og Færøyane, ved at den norske nasjonale kvoten vert redusert med så stort kvantum som den kvoten Færøyane vert tildelt.

*Nasjonal disponibel kvote* er den kvoten som norske fiskarar disponerer etter at det er tatt omsyn til alle overføringar og eventuelle kjøp og sal av kvotar til andre nasjonar. Det er denne kvoten som må nyttast i samband med samanlikninga av kvotar og fangst, for t.d. å vurdere eit land si utnytting av kvotane.

Vidare vil det hovudsakleg bli lagt vekt på dei nasjonale disponible kvotane. Nærare informasjon om kvoteavtalar med andre land, vil ein finna i dei årlege stortingsmeldingane "Om dei fiskeriavtalane Noreg har gjort med andre land."

### Norsk-arktisk torsk

Bestanden av norsk-arktisk torsk er ein norsk-russisk fellesbestand. I kvoteavtalen for 2004 mellom Noreg og Russland vart totalkvoten (TAC) sett til 486 000 tonn (inkludert 40 000 tonn «Murmanskorsk»). I tillegg kjem 20 000 tonn kysttorsk til Noreg. Totalkvoten av torsk nord for 62° N vart dermed 506 000 tonn. Av denne kvoten vart det i alt sett av 68 800 tonn til tredjeland. Dei resterande 437 200 tonn vart delt likt mellom Noreg og Russland. Noreg fekk overført 6 000 tonn frå Russland, og den norske nasjonale kvoten vart etter dette 224 600 tonn. Landa var einige om at frå 2004 skal kvantumet til forskings- og forvaltningsføremål avreknast av det enkelte lands kvote, I 2004 var dette kvantumet totalt 7 500 tonn botnfiskartar og av dette utgjør torsk 7 000 tonn. Noreg si nasjonale disponible kvote vart dermed totalt 217 600 tonn.

Den norske nasjonale kvoten vart fordelt med gruppekvotar på 65 693 tonn (31 prosent) til trål og 151 907 tonn (69 prosent) til fartøy med konvensjonelle reiskapar.

### Norsk-arktisk hyse

Bestanden av norsk-arktisk hyse er ein norsk-russisk fellesbestand. I kvoteavtalen med Russland for 2004 vart TAC for norsk-arktisk hyse sett til 130 000 tonn. Av dette vart 6 000 tonn sett av til tredjeland. Dei resterande 124 000 tonn vart delt likt mellom Noreg og Russland. Russland overførte 4 500 tonn av kvoten sin til Noreg. I tillegg kom eit kvantum norsk kysthyse på rundt rekna 5 000 tonn, slik at den totale nasjonale kvoten vart 71 500 tonn. Av dette vart det avsett 27 056 tonn (38 prosent) til trålarane og 44 144 tonn (62 prosent) til den konvensjonelle flåten.

### Sei nord for 62° nord

Den nordlege seibestanden vert rekna som ein eksklusiv norsk bestand. Norsk kvote per 1. januar blei sett til 169 000 tonn og av dette gjekk 15 000 tonn til andre lands fiske. Den disponible kvoten vart då 154 000 tonn. Av den norske totalkvoten vart gruppekvotane

sett til 58 520 tonn for fartøy som fiskar med konvensjonelle reiskap, 38 500 tonn for notgruppa og 56 980 tonn for trålgruppa.

### Blåkveite og uer nord for 62° nord

ACFM tilrådde at det ikkje vart fiska blåkveite i 2004. Fisket var strengt regulert, og ein tillet berre eit avgrensa norsk kystfiske med konvensjonelle reiskap. Dette avgrensa kystfisket var ikkje regulert med ein totalkvote. I staden var fiskeriet regulert ved at det berre var høve til å fiske blåkveite i ein avgrensa periode på fire veker om sommaren. Dei einskilde fartøya var regulert med maksimalkvotar differensiert etter fartøylengde.

Det vart ikkje sett nokon TAC for vanleg uer og snabeluer. Russland fekk ikkje drive fiske etter snabeluer i Noreg si økonomiske sone i 2004. Dei kan ikkje fiske meir enn 2 000 tonn bifangst til saman av vanleg uer og snabeluer. EU fekk ein kvote på 500 tonn vanleg uer som berre kunne fangast som attåtfangst nord for 62° N.

### Rekefisket i Barentshavet

Rekefisket i Barentshavet hadde inga kvoteavgrensing. Norske fartøy kunne fiske 3 000 tonn reker i Russland si økonomiske sone.

### Norsk vårgytande sild

Det blei ikkje inngått noen fempartsavtale med Noreg, Island, Russland, Færøyane og EU om norsk vårgytande sild for 2004. Kyststatane var likevel einige om ein totalkvote på 825 000 tonn. Noreg sette norsk totalkvote til 470 250 tonn, noko som tilsvara 57 prosent av ein TAC på 825 000 tonn norsk vårgytande sild. Dette vart fordelt med 235 435 tonn til ringnotgruppa, 45 805 tonn til trålgruppa og 188 200 tonn til kystfartøygruppa. I tillegg blei det avsett 750 tonn til agnkvote.

### Lodde i Barentshavet

Det blei ikkje fiska etter vinterlodde i Barentshavet i 2004.

### Loddefisket ved Grønland, Island og Jan Mayen

For sesongen 2002/2003 var det trepartsavtalen mellom Grønland, Island og Noreg om forvaltninga av loddebestanden i farvatna mellom Island, Grønland og Jan Mayen som regulerte dette fisket. Avtala vart underteikna i Reykjavik 18. juni 1998. Avtala har ei lengde på tre år og kan etter dette forlengjast med to år av gongen. Avtala gjaldt fram til 30. april 2003. Island varsla at dei ikkje ville fornye denne trepartsavtalen. Det blei forhandla på nytt ei avtale den 8. juli 2003 som er gyldig til og med 31. mai 2004 og forlenging med et år av gongen, med mindre ein av partane seier opp avtalen seinast seks månader før utløpet av avtalen.

I følgje trepartsavtalen var loddefisket i farvatna kring Jan Mayen, Grønland og Island regulert ut frå ein sesong som strakk seg frå 20. juni til 30. april. Dette vil seie at kvoten for 2004 vart bestemt ut frå kvoten for 2003/04 sesongen og 2004/05 sesongen. 2003/04 sesongen omfatta såleis eit sommar/haustloddefiske i 2003 og eit vinterloddefiske i 2004. Endeleg TAC for sesongen 2003/04 var på 875 000 tonn. Noreg sin del av dette var 66 000 tonn, men medrekna overføringar frå EU og Island vart norsk totalkvote 86 662 tonn. Endelig TAC for sesongen 2004/05 var 985 000 tonn. Dermed vart Noreg sin del 78 800 tonn, men med overføringar frå EU og Island (Smuttholavtala) vart norsk totalkvote 103 047 tonn. Det var berre fartøy med ringnotkonesjon som kunne delta i dette fisket.

### Makrell

På grunn av usemje om makrellfordelinga har NEAFC-kvota til EU og Noreg vore ufordelt og ufiska i tidlegare år. Imidlertid vart det i 2003 inngått adhocavtalar mellom EU, Noreg og Færøyane om fordelinga av den internasjonale makrellkomponenten, noko som førte til at Noreg si kvote vart auka med 4 777 tonn.

Noreg hadde ein endeleg disponibel kvote på 148 728 tonn makrell i 2004. Heile kvota kunne fiskast i Nordsjøen i ICES statistikkområde Iva. Ved eit eventuelt fiske i andre statistikkområde vart kvota for ICES Iva redusert tilsvarende. Av totalkvota kunne 103 307 tonn fiskast nord for 62° N i Noregs indre farvatn, sjøterritorium og økonomiske sone, samt i internasjonalt farvatn. Av dette kunne inntil 11 100 tonn fiskast i EU-sona vest av 4° V i ICES statistikkområde VIa nord for 56°30' N og i ICES statistikk område VIId, VIIf, VIIf og VIIh. Av totalkvota kunne inntil 10 389 tonn også fiskast i Noregs indre farvatn, sjøterritorium og økonomiske sone sør for 62° N. Av dette kunne 5 612 tonn fiskast i færøysk sone. Av totalkvota kunne 3 000 tonn fiskast i statistikk område IIIa.

Noreg og EU fastsette eit totalt uttak på 446 961 tonn, inkludert ein kvote på 214 tonn til Sverige i ICES IIIa.

Noreg og EU vart samde om ein TAC på 57 731 tonn for Nordsjøen og Skagerrak, inklusive kvoten på 214 tonn til Sverige i ICES IIIa. Etter at Noreg hadde overført 214 tonn til Sverige, samt fått overført 11 100 tonn frå EU var det disponible kvantumet for Noreg 52 155 tonn.

Nord for 62° N. kunne norske fiskarar totalt fiske 103 307 tonn. Inkludert i dette talet er 6 100 tonn i Færøysona. Heile den norske kvoten kunne fiskes i ICES IVa i Nordsjøen. Etter kvoteavtalen mellom Noreg og EU kunne ein fiske 11 100 tonn vest av dei britiske øyer i Nordsjøen i ICES-område IVa.

### Torsk i Nordsjøen

Noreg sin del av denne bestanden er 17 prosent. Etter avtale mellom Noreg og EU vart den totale fangstkvoten sett til 27 300 tonn, noko som medførte ein norsk kvote på 4 641 tonn. Noreg overførte så 516 tonn til tredjeland, slik at den nasjonale disponible kvoten til Noreg vart 4 125 tonn torsk i Nordsjøen. Heile den norske torskekvote kunne takast i EU-sona. EU hadde ein totalkvote på 22 659 tonn, og av dette kunne dei samla ta inntil 19 694 tonn torsk i norsk økonomisk sone.

### Hyse og kviting i Nordsjøen

Etter forhandlingar mellom Noreg og EU vart den totale fangstkvoten av desse to artane sett til 93 000 tonn i Nordsjøen. Noreg sine delar av TAC er høvesvis 23 prosent og 10 prosent eller til saman 19 310 tonn, men etter å ha overført 2 319 tonn hyse til EU og 956 tonn hyse og 190 tonn kviting til tredjeland vart Noreg si disponible kvote 18 164 tonn av desse to artane. Heile kvantumet kunne takast i EU-sona. EU hadde ein totalkvote på 73 690 tonn og av dette kunne dei samla ta inntil 55 584 tonn hyse og kviting i norsk økonomisk sone.

### Raudspette i Nordsjøen

Etter avtale mellom Noreg og EU vart totalkvoten i Nordsjøen sett til 61 000 tonn. Noreg sin del av TAC er 7 prosent. Etter overføringar til EU på 2 159 tonn, vart den nasjonale disponible kvoten til Noreg 2 111 tonn. EU hadde ein totalkvote på 58 889 tonn, og av dette kunne 30 000 tonn takast i norsk økonomisk sone.

### Sei i Nordsjøen og Skagerrak

Seibestanden i Nordsjøen og Skagerrak er ein fellesbestand mellom Noreg og EU, og partane avtalte ein totalkvote for 2004 på 190 000 tonn. Noreg sin kvote etter tradisjonell fordelingsnøkkel var 98 800 tonn, og av denne var 93 800 tonn disponibelt for norske fiskarar i EU-sona etter at Noreg overførte 5 000 tonn til tredjeland.

### Sild i Nordsjøen, Skagerrak og vest av 4° vest

EU og Noreg vart einige om ein TAC for Nordsjøensild på 460 000 tonn, medan TAC for sild i Skagerrak vart fastsett til 70 000 tonn. Av dette var Noreg sin del 133 400 tonn i Nordsjøen og 9 336 tonn i Skagerrak. Etter overføringar til tredjeland vart den nasjonale disponible kvoten 140 960 tonn i Nordsjøen.

### Brisling i Nordsjøen og Skagerrak

Etter avtale med EU hadde Noreg høve til å fiske 15 000 tonn brisling i EU-sona. I norsk økonomisk sone var fisket stengt i perioden fisket i EU-sona gjekk for seg. I følgje Skagerrakavtalen kunne Noreg fiske 3 750 tonn brisling i Skagerrak.

**Augepål, tobis og kolmule i Nordsjøen**

Kvoteartalane mellom Noreg og EU førte til at Noreg kunne fiske inntil 5 000 tonn augepål, 120 000 tonn kolmule og 45 000 tonn tobis i EU-sona. Fisket i eiga sone var ikkje kvantumsavgrensa. I Noregs økonomiske sone i Nordsjøen kunne EU fiske 50 000 tonn augepål, 20 000 tonn kolmule og 131 000 tonn tobis.

**Kolmule**

Etter avtalane med EU og Færøyane fekk Noreg i 2004 ein kvote på 120 000 tonn kolmule frå EU og 36 200 tonn frå Færøyane. Av kolmulekvoten frå EU kunne ein fiske inntil 500 tonn som vassild.

**Hestmakrell**

Fisket etter hestmakrell var ikkje kvoteregulert i den norske sona. Etter kvoteartalane med EU og Færøyane kunne Noreg fiske 1 600 tonn i EU-sona og 230 tonn i færøysk sone.

**Lange, blålange, brosme og pigghå.**

Noreg kunne ta inntil 15 000 tonn lange, blålange, brosme og pigghå i EU-sona i 2004. Kvoteartalen mellom Noreg og Færøyane gav Noreg ein kvote på 4 400 tonn botnfisk (lange, blålange, brosme og sei) og 300 tonn pigghå/håbrann.

**Håbrann og brugde**

Etter avtale med EU hadde Noreg høve til å ta 100 tonn håbrann i EU-sona.

**Fisket ved Grønland og Newfoundland**

Blåkveite ved Vest-Grønland er sett på som ein fellesbestand mellom Canada og Grønland. EU-kommisjonen har likevel etter avtale med Grønland, høve til å gi Noreg kvotar i samband med kvoteartalen mellom Noreg og EU. Reke- og blåkveite ved Aust-Grønland er sett på som ein fellesbestand mellom Grønland og Island.

Noreg vart etter kvoteforhandlingar med Grønland tildelt kvotar på 650 tonn blåkveite ved Vest-Grønland og 525 tonn blåkveite ved Aust-Grønland, 825 tonn uer og 350 tonn kveite ved Aust-Grønland. I tillegg kunne Noreg fiske 600 tonn torsk både ved Aust- og Vest-Grønland.

Etter forhandlingar med EU fekk Noreg fiske 2 830 tonn reker samt 800 tonn blåkveite, 200 tonn kveite, 5 230 tonn uer, 285 tonn isgalt/skolest og 15 000 tonn lodde ved Aust-Grønland. Ved Vest-Grønland vart Noreg tildelt kvotar på 800 tonn blåkveite, 200 tonn kveite og 315 tonn isgalt/skolest.

**Selfangst**

Norske fartøy kunne fange inntil 15 000 vaksne grønlandssel og 10 300 vaksne klappmyss i Vestisen i 2004. I Austisen var den norske kvoten på 10 000 vaksne grønlandssel.

I 2004 vart det ikkje fanga grønlandssel i Austisen, medan det vart fanga 8 288 ungar og 1 607 vaksne grønlandssel i Vestisen. I Vestisen vart det sama året fanga 4 851 klappmyss, 4 202 av disse var unge dyr.

**Kvalfangst**

I 2004 kunne norske fartøy fange inntil 670 vågekval. Av denne kvoten blei det fanga 543 dyr.

**3.3. Statistiske kjelder****Fiskeridirektoratet sitt register over landa fangst**

Etter råfisklova har godkjende salslag einerett til omsetning på første hand av spesifiserte arter. Dette gjeld arter (fisk og dyr) som vert fanga i sjøen av norske fartøy og omsett på første hand både i Noreg og ved direkte levering i utlandet. Laks, sjøaure og sel er unnatt frå salslaga sin einerett.

Ved sal av fangsten vert det fylt ut ein sluttsetel som gir mengd og verdi av dei leverte fiskeslaga, i tillegg til nokre andre opplysningar om fangsten og båten. Dette gjeld m.a. reiskap, fangstområde, leveringsstad, bruken av fangsten og registreringsmerke til båten. Ved avrekning til fiskar leverer salslaga desse opplysningane elektronisk til Fiskeridirektoratet som bruker dei i produksjonen av fangststatistikk. I tillegg vert det nytta tal frå Statistisk sentralbyrå sin statistikk over lakse- og sjøaurefisket og materiale frå nokre andre mindre kjelder. Oppgåvene frå laga omfattar òg norske fangstar som vert leverte direkte i utlandet.

Fangststatistikken frå direktoratet omfattar grovt sett all fiske og fangst i sjøen frå norskregistrerte fiskebåtar. Unnatak frå dette er sel- og kvalfangst, tang, tare, østers og blåskjel, leveringar som går utanom salslaga og ikkje registrert omsetning av fisk. Fiskeoppal og fiske til eige bruk er ikkje med.

Nemninga «sal utanfor salslaga» (eller «fangst registrert på annan måte») refererer til fangst av fisk som ikkje er omsett gjennom salslaga av følgjande årsaker:

- Arten er ikkje lagt under monopolet til salslaget. Slike artar kan ein frivillig selje gjennom eit salslag.
- Arten er lagt under monopolet til salslaget, men fangsten kan ikkje gjerast opp av salslaget på grunn av forhold som gjeld rekneskap og garantiar.
- Fangsten ligg på lager, og omsetninga har ikkje funne stad på tidspunktet for endeleg statistikkproduksjon. Fangsten vert bokført som omsett utanom salslag for å sikre at ressursuttaket vert registrert i fangståret. Verdien vert estimert.
- Fangsten er omsett ulovleg og vert oppdaga ved kontrollinspeksjonar, eller ved informasjon frå styresmaktane i andre land. Også denne fangsten kan seinare bli registrert via salslaga på eit seinare tidspunkt, fordi dei ulovlege forholda er oppdaga.

Kontrollrutinar sikrar at fangst som er registrert under desse kategoriane, ikkje vert registrert dobbelt, sjølv om omsetninga vert bokført gjennom salslaga på eit seinare tidspunkt.

Salslaga gir oppgåver over ilandført fangst frå utanlandske båtar, men desse fangstane er ikkje med i dei ordinære tabellane. Frå og med publikasjonen for 1996 - 1997 er det tatt med eit eige kapittel som omhandlar utanlandske landingar av fangst i Noreg (kapittel 4).

1977 var det første året primærmaterialet var så fullstendig at det kunne nyttast som grunnlag for fangststatistikk i publikasjonen Fiskeristatistikk. Det er framleis manglar i materialet. Dette gjeld t.d. registreringsmerket til fartøyet som ikkje er ført opp i alle sluttsetlar. Statistikk over fangst etter båttype er difor noko mangelfull. Utfylling av reiskapstype og fangstområde kan òg stundom mangle på sluttsetelen. Dei båtane som nyttar fleire reiskapar på ein tur, kan berre føre opp ein reiskap, og dei båtane som fiskar i fleire fangstområde på ein tur, kan berre føre opp eitt område. Dette må ein ta omsyn til når ein les tabellane for fangsten etter område og reiskap. Ein vil difor finne skilnader mellom fangstområdestatistikken som byggjer på sluttsetelregisteret og den som byggjer på fangstdagbøker frå trålarane.

### Fiskerioppsyn

Under Lofotfisket vert det sett eit offisielt fiskerioppsyn. I serien Årsberetning vedkommende Norges Fiskerier vert det årleg gitt ut ein publikasjon som heiter Lofotfisket. Denne publikasjonen vert lagt ut på Internett under [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)

### Fangstdagbøker

Alle fartøy over 21 meter største lengd er pålagde å føra fangstdagbok. For trålfisket etter torsk og torskearta fisk, rekefisket og for småvalfangsten vert det utarbeidd statistikk i Fiskeridirektoratet på grunnlag av fangstdagbøkene.

### Publikasjonane Fiskeoppdrett og Lakse- og sjøaurefiske

Statistisk sentralbyrå gir ut desse årlege publikasjonane i serien Noregs Offisielle Statistikk (NOS), og dei omfattar fangst, eksport og import av laks og sjøaure og oppdrett av fisk. Publikasjonane vert lagt ut på Internett under [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

### Yearbook of Fishery Statistics

Denne publikasjonen, gitt ut av FAO (Food and Agriculture Organization of the United Nations), gir hovudtala frå fiskeria i alle land. Fangsttala i publikasjonen omfattar óg innlandsfiske, fiskeoppdrett og fiske til eige bruk. [www.fao.org](http://www.fao.org)

### ICES Fishery Statistics

Denne publikasjonen omfattar tal for fiskeria i ICES-området (Nordaustlege Atlanterhav). Publikasjonen er utgjeve av ICES (International Council of Exploration of the Sea) for åra 1903 - 1988. Tal for åra etter 1988 finnes på Internett under adressa [www.ices.dk](http://www.ices.dk)

### EUROSTAT Fisheries Yearbook.

Publikasjonen blir gitt ut av EUROSTAT (Statistical Office of the European Communities) og inneheld fiskeristatistikk for land som er medlemmer av EU og EØS. Den omfattar òg fangsttal for ein del andre viktige fiskerinasjonar. [www.eurustat.cec.eu.int](http://www.eurustat.cec.eu.int)

### 3.4. Definisjonar

Frå og med 1977 er fangstmengdene førte opp i rund vekt. I offisiell statistikk refererer *fangstmengde* til FAO sitt fangstbegrep *nominal catch*. Nominal catch vert definert som landa vekt rekna om med ein offisiell omrekningsfaktor for det aktuelle produktet. Slik kan ein berekne eit kvantum som svarar til den levande vekta til fisken. På norsk vert dette kalla for rund vekt.

Korleis fisken vert tilverka om bord på fiskefartøyet avgjer kva slags tilstand fisken har ved landing. Fisken vert vege ved landinga. Vekta av fisk som vert levert sløgd med eller utan hovud, som filet, saltfisk o.l. vert rekna om til rund vekt med tilhøyrande omrekningsfaktor. Faktorane vil variere etter ulike fiskeslag og produktstilstandar (sjå vedlegg B, omrekningsfaktorar).

Etter internasjonale spesifikasjonar skal kvantumsestimat for fisk som vert kasta på sjøen (utkast), ikkje medreknast i den offisielle fangststatistikken.

Ordet *fangst* vert i Noreg ofte brukt utan å gi noko nærare definisjon. Ved føring av fangstdagbok tyder *fangst* estimert kvantum i rund vekt (sjå tabell 27). Dette gjeldt frå og med 1990. For ein nærare definisjon viser vi til FAO Yearbook of Fishery Statistics (Catch concepts: Diagrammatic presentation).

*Fangstverdi* er summen fiskarane får utbetalt for fangsten. I denne summen er lagsavgifta trekt frå, medan produktavgifta ikkje er trekt frå. Alle pris- og frakttilskott er lagde til. Sikringstrekk og meirverdiavgift er ikkje rekna med.



## 3. The catch

### 3.1. Introduction

This chapter comprises catch data for marine fish landed by Norwegian fishermen in Norway or abroad. It also includes tables for the catch of salmon and sea trout, sealing, whaling fish farming and the fisheries in other countries.

### 3.2. Quotas, agreements and catch regulations

Norway established an economic zone of 200 nautical miles from 1 January 1977 and a fishery protection zone around Svalbard 15 June 1977. From 23 May 1980 Norway established an economic zone around Jan Mayen. There is a general prohibition on foreign fishermen to fish in the Norwegian economic zones.

Norway has entered the following fishery agreements with other countries:

- Long-term agreements on reciprocal fishing rights with EU, Russia, Greenland and the Faroe Islands.
- Phasing-out agreements providing for transitional fishing rights to Poland.
- For the Skagerrak and the northern part of the Kattegat there is a special tripartite agreement between Denmark, Sweden and Norway.
- EU, Russia, Iceland, the Faroe Islands and Norway are allowed to fish Norwegian spring-spawning herring in Norwegian waters.
- Greenland, Iceland and Norway can fish capelin in each other's zones.

Each year The Advisory Committee on Fishery Management (ACFM) gives recommendations for total allowable catch (TAC) of the different fish species.

Consultations between Norway and her agreement partners are based upon these recommendations. Here shall be mentioned the most important regulations in 2004 carried out by negotiations of this kind.

#### Northeast Arctic cod

The northeast arctic cod stock is a joint stock between Norway and Russia. The two countries agreed on a total quota of 486 000 tonnes for 2004. In addition to the quota came 20 000 tonnes Norwegian coastal cod, and 6 000 tonnes cod transferred to Norway from Russia. Norwegian fishermen could catch a total of 217 600 tonnes of cod north of 62° N. For other countries 68 800 tonnes were reserved.

#### Northeast Arctic haddock

This stock is also a joint stock between Norway and Russia. In the quota agreement for 2004 the TAC was 130 000 tonnes and Norwegian fishermen could catch 71 500 tonnes.

#### Saithe north of 62°N

The stock of saithe north of 62°N is an exclusive Norwegian stock. For Norway the quota was 154 000 tonnes, and for other countries the quota was 15 000 tonnes.

#### Greenland halibut and redfish north of 62°N

In 2004 ACFM recommended no catch of Greenland halibut north of 62°N.

In the Norwegian zone EU had a quota of 500 tonnes of redfish.

#### Deep water prawn fishery in the Barents Sea

There were no regulations in the Barents Sea in 2004. Norway was allocated a total of 3 000 tonnes of deep-water prawn in Russian zone.

#### Spring-spawning herring.

According to the agreements with EU, the Faroe Islands, Russia, Iceland and Norway the total quotas of herring was 825 000 tonnes. Norwegian vessels could take 470 250 tonnes of Norwegian spring-spawning herring.

#### Capelin

The capelin fishing takes place at the sea between Iceland, Greenland and Jan Mayen. In 2003/2004 the total quota was 875 000 tonnes. Norway's total quota was 86 662 tonnes. In 2004/2005 the total quota was 985 000 tonnes and Norway could catch 103 047 tonnes.

#### Mackerel

In 2004 Norway's total quota was 148 728 tonnes.

#### Cod in the North Sea

Norway and EU agreed on a total quota of 27 300 tonnes. Norway's share was 4 125 tonnes. Norway could catch the quota in the EU zone, while the EU countries could catch up to 19 694 tonnes of cod in the Norwegian zone. EU's total quota was 22 659 tonnes.

#### Haddock and whiting in the North Sea

Norway and EU agreed on a total quota of 93 000 tonnes of these two species. Norway's share was 18 164 tonnes, which could be taken in the EU-zone. EU's total quota of haddock and whiting was 73 690 tonnes, of which 55 584 tonnes could be caught in the Norwegian zone.

### **Plaice in the North Sea**

According to the agreement between EU and Norway the total quota was 61 000 tonnes in the North Sea. The Norwegian quota was 2 111 tonnes. EU's total quota was 58 889 tonnes, and 30 000 tonnes of this could be caught in the Norwegian zone.

### **Saithe in the North Sea and Skagerrak**

The stock of saithe south of 62°N (the North Sea and the Skagerrak) is a joint stock between Norway and EU. The total quota for 2004 was 190 000 tonnes. Norway's part was 93 800 tonnes.

### **Herring in the North Sea and Skagerrak**

The total quotas of herring in the North Sea and Skagerrak were 460 000 tonnes. The Norwegian quota was 140 960 tonnes.

### **Sprat in the North Sea and Skagerrak**

Norway could take 15 000 tonnes of sprat in the EU zone and 3 750 tonnes in Skagerrak.

### **Norway pout, sandeel and blue whiting in the North Sea**

According to an agreement between Norway and EU, Norway could fish 5 000 tonnes of Norway pout, 120 000 tonnes blue whiting and 45 000 tonnes of sandeel in the EU zone. The EU could fish 50 000 tonnes of Norway pout, 20 000 blue whiting and 131 000 tonnes of sandeel in the North Sea.

### **Blue whiting**

According to the agreements with EU and the Faroe Islands, Norway got quotas on 120 000 tonnes and 36 200 tonnes, respectively.

### **Ling, tusk, picked dogfish etc.**

In 2004 Norway could take 15 200 tonnes of ling, blue ling, picked dogfish and tusk in the EU zone. According to the quota agreement between Norway and the Faroe Islands, Norway could catch up to 4 400 tonnes demersal fish (mostly ling, tusk and saithe) in the zone of the Faroe Islands.

### **Porbeagle and basking shark**

In agreement with EU, Norway could fish 100 tonnes of porbeagle in the EU zone.

### **The fishery near Greenland and Newfoundland**

Greenland halibut and deep water prawn and are joint stocks for Canada and Greenland. According to an agreement between Norway and Greenland Norway got quotas of 650 tonnes of Greenland halibut, 825 tonnes of redfish and 350 tonnes of halibut near East-Greenland and 600 tonnes of Greenland halibut near West-Greenland. In addition to this Norway could catch 600 tonnes of cod.

The EU commission can give Norway quotas of this stock. Near East Greenland Norway got a quota of 800 tonnes of Greenland halibut, 5 230 tonnes of redfish, 200 tonnes of halibut, 15 000 capelin, and 2 830 tonnes of deep-water prawn.

Near West-Greenland Norway could catch 800 tonnes of Greenland halibut and 200 tonnes of halibut.

### **Sealing**

In the Jan Mayen area the total quota was 15 000 harp seal and 10 300 hooded seal, and in the White Sea the Norwegian quota was 10 000 harp seal.

### **Whaling**

In 2004 Norwegian vessels could catch 670 small-whales, all minke whales.

## **3.3. Sources**

### **The data system of the Directorate of Fisheries**

According to law, official approved sales unions have the sole right of first hand sale of most fish species and other animals caught in the sea. Excepted from this are salmon, sea trout and seal.

By landing of the catch, a bill is filled in showing quantities and values of the landed fish species, type of fishing gear, disposition of the catch, fishing-ground, landing place and the register identification of the vessel. Nearly all of the sales organisations deliver this information to the Directorate of Fisheries for producing statistics. In addition there is obtained aggregated information from organisation, which do not deliver information on magnetic tape, information from the yearly enquiry of the salmon and sea trout fisheries done by Statistics Norway and information from a few other sources. The information from the sales organisations also comprises Norwegian catches landed abroad. The statistics of catches from the Directorate of Fisheries comprise all catches by Norwegian registered vessels in the sea fisheries. Excepted are sealing, whaling, seaweed, oyster, mussel and landings, which are not registered by the sales organisations and unregistered sales of fish. Rearing of fish and fishery for own consumption are not included. The sales organisations also give information about landings by foreign vessels. This tables are presented in chapter 4.

Sometimes information about fishing gear and fishing ground is not reported. Vessels using more than one type of fishing gear on one trip, can only report one type of fishing gear on the bill, and vessels fishing in more than one fishing ground can only report one fishing ground. This must be considered when reading the tables.

**Official supervisor for the fisheries**

During the spawning cod fishery in Lofoten an official supervisor for the fishery is in operation. From these accounts the leader of the supervision makes a yearly publication called "Lofot-fisket" (Spawning Cod Fishery in Lofoten). This publication is presented on Internet. The Internet -address is: [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)

**Catch journals**

In some fisheries the vessel owners are obliged to keep catch journals. This concerns e.g. trawling of codfish and catch of small whales. From these journals the Directorate of Fisheries produces statistics.

**The publications Salmon and Sea Trout Fisheries and Fish Farming**

Statistics Norway produces yearly publications that comprise quantity of catch, exports and imports of salmon and sea trout and fish farming. The Internet-address is [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

**The publication Yearbook of Fishery Statistics**

This publication from FAO (Food and Agriculture Organisation of the United Nations) gives main figures from the fisheries in all countries. The catch figures in the publication also comprise rearing of fish and fishery for own consumption. The Internet-address is [www.fao.org](http://www.fao.org).

**The publication ICES Fisheries Statistics**

This publication from ICES (International Council for the Exploration of the Sea) presents fishery statistics in ICES fishery statistical divisions (Northeast Atlantic Ocean). The Internet-address is [www.ices.dk](http://www.ices.dk)

**The publication EUROSTAT Fisheries Yearbook.**

This publication from EUROSTAT (Statistical Office of the European Communities) presents fisheries data for the EEA member countries, the EU Candidate Countries and other major fishing nations. [www.eurostat.cec.int](http://www.eurostat.cec.int)


**3.4. Definitions**

As from 1977 the quantities are given in live weight. Live weight is the weight of the fish in the condition it is caught.

The weight of fish that is landing without head, in gutted condition as fillet or salted etc. is converted into live weight, (Nominal catch). Annex B shows the conversion factors. For further details we refer to FAO Yearbook of Fishery Statistics (Catch concepts: Diagrammatic presentation)

Catch value is the amount paid to the fishermen for the catch. This includes freight and price subsidies and production tax, but not tax to the sales union. Value added tax is not included.

**Figur 8. Fangstmengd<sup>1</sup>, etter hovudgruppe<sup>2</sup> av fiskeslag. 1976-2004**  
*Quantity<sup>1</sup>, by main group<sup>2</sup> of fish species. 1976-2004*




<sup>1</sup>Tala for 2004 er foreløpige. <sup>2</sup>Sjå vedlegg A.

<sup>1</sup>The figures for 2004 are preliminary. <sup>2</sup>See appendix A.


Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

**Figur 9. Fangstmengd, etter fylke. 2004**  
Quantity of catch, by county. 2004




Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

Figur 10. Fangstverdi, etter fylke. 2004  
Value of catch, by county. 2004



Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

**Figur 11. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten, i prosent av totalfangsten. 2004**  
*Quantity and value, by disposition of the catch, in per cent of total catch. 2004*



Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: *The Directorate of Fisheries.*

**11. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe<sup>1</sup> av fiskeslag. 1978-2004**  
*Quantity and value of catch, by main group<sup>1</sup> of fish species. 1978-2004*

År Year	I alt (m/tang og tare) Total (incl. seaweed)	Tang og tare Seaweed	Fisk og skaldyr Fish and crustaceans					Skaldyr Crustaceans	Anna Other
			I alt Total	Torsk og torskearta fisk Cod fish	Sild og brisling Herring and sprat	Makrell, lodde mv. Mackerel, capelin etc.			
1 000 tonn rund vekt 1 000 tonnes live weight									
1978	2 707,9	121,2	2 586,6	638,9	122,3	1 742,1	34,5	48,9	
1979	2 760,2	110,0	2 650,2	635,2	99,5	1 827,6	36,6	51,4	
1980	2 527,0	126,8	2 400,2	599,1	94,7	1 608,6	47,1	50,7	
1981	2 687,0	148,4	2 538,6	690,4	32,1	1 718,6	43,2	54,3	
1982	2 634,6	149,7	2 484,9	684,9	71,4	1 614,0	53,8	60,8	
1983	2 949,3	136,7	2 812,6	603,3	91,4	1 966,7	80,1	71,1	
1984	2 576,4	136,4	2 440,0	603,3	173,5	1 514,3	86,1	62,9	
1985	2 217,0	133,3	2 083,7	544,3	256,6	1 119,7	93,6	69,5	
1986	2 023,6	159,3	1 864,3	522,0	335,3	868,0	59,7	79,3	
1987	2 066,8	174,1	1 892,7	589,7	356,5	790,2	43,6	112,7	
1988	1 921,7	172,1	1 749,6	512,3	350,7	743,2	43,7	99,7	
1989	1 971,4	182,7	1 788,7	432,1	280,0	924,9	57,6	94,2	
1990	1 788,6	197,0	1 591,6	314,5	214,0	886,9	64,3	111,9	
1991	2 197,9	190,6	2 007,3	381,8	234,6	1 194,1	50,5	146,4	
1992	2 620,6	189,3	2 431,3	478,7	260,4	1 535,8	50,7	105,7	
1993	2 584,2	169,6	2 414,6	558,8	399,3	1 286,9	50,8	118,8	
1994	2 550,7	185,1	2 365,6	678,8	593,7	954,2	40,2	98,6	
1995	2 708,7	185,0	2 523,7	705,8	727,7	969,0	41,3	79,9	
1996	2 822,3	173,2	2 649,1	719,6	822,2	979,8	43,7	83,8	
1997	3 048,1	191,7	2 856,4	724,6	930,2	1 087,6	44,4	69,6	
1998	3 040,5	179,8	2 860,7	642,3	867,0	1 205,2	60,6	85,6	
1999	2 808,5	178,5	2 630,0	554,9	851,2	1 075,8	67,0	81,1	
2000	2 891,2	192,4	2 698,8	478,7	806,4	1 272,5	70,0	71,2	
2001	2 861,4	175,2	2 686,3	467,4	593,6	1 459,8	69,4	96,0	
2002	2 922,4	182,6	2 739,8	525,0	576,4	1 503,1	74,2	61,2	
2003	2 701,2	153,2	2 548,0	521,5	566,2	1 327,0	71,6	62,2	
2004	2 671,3	148,3	2 523,0	537,0	617,7	1 231,1	65,8	71,3	
Mill. kroner NOK million									
1978	2 920,0	12,1	2 907,9	1 585,5	155,3	778,9	260,5	127,7	
1979	3 142,3	9,9	3 132,4	1 716,4	108,5	837,2	294,5	175,8	
1980	3 512,9	11,6	3 501,3	1 896,0	120,4	890,5	394,1	200,3	
1981	4 009,6	14,6	3 995,0	2 362,7	81,1	981,1	386,3	183,8	
1982	3 982,1	17,9	3 964,2	2 264,5	127,5	926,7	451,3	194,1	
1983	4 280,2	16,5	4 263,7	2 017,8	165,0	1 144,1	701,3	235,5	
1984	4 355,7	16,5	4 339,3	2 062,8	247,0	1 012,6	761,1	255,7	
1985	4 570,9	17,9	4 553,0	2 265,7	335,1	786,9	851,7	313,6	
1986	5 173,8	23,2	5 150,6	2 854,8	408,5	622,0	849,2	416,0	
1987	5 844,8	25,0	5 819,7	3 560,4	428,9	585,7	752,4	492,3	
1988	5 057,1	24,6	5 032,5	2 748,2	446,2	684,0	724,4	429,7	
1989	4 803,8	26,8	4 777,0	2 297,4	412,0	857,9	794,1	415,6	
1990	5 005,5	29,0	4 976,5	2 075,3	371,7	874,9	890,0	764,7	
1991	5 996,5	28,6	5 967,9	2 834,3	400,3	1 093,9	701,3	938,1	
1992	6 141,5	29,8	6 111,7	3 134,4	377,9	1 140,5	665,3	793,6	
1993	6 296,5	27,0	6 269,5	3 194,4	508,0	1 138,9	627,6	800,7	
1994	7 504,9	34,8	7 470,1	4 202,5	794,4	1 072,7	655,6	744,9	
1995	8 247,3	29,2	8 218,2	4 504,2	1 027,0	1 224,0	806,9	656,0	
1996	8 745,8	27,5	8 718,2	4 178,9	1 527,7	1 596,7	678,0	737,0	
1997	9 196,7	30,7	9 166,0	4 437,9	1 595,7	1 873,4	657,3	601,7	
1998	10 551,1	28,9	10 522,1	5 633,5	1 519,6	1 771,4	864,8	732,9	
1999	9 975,9	28,4	9 947,5	5 385,4	1 234,8	1 584,6	966,1	776,6	
2000	9 771,5	35,7	9 735,8	4 649,1	1 456,4	1 772,7	1 106,8	750,8	
2001	11 470,4	32,5	11 437,9	4 797,1	2 269,1	2 485,8	960,0	925,9	
2002	11 197,3	33,4	11 164,0	4 759,7	2 050,0	2 839,0	927,4	587,9	
2003	8 910,3	28,0	8 882,3	3 848,1	1 422,7	2 064,5	931,7	616,0	
2004	10 414,7	27,9	10 386,8	4 372,7	2 022,0	2 228,2	977,1	786,8	

<sup>1</sup> Sjå vedlegg A. See appendix A.

Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.



**12. Total fangstmengd<sup>1</sup>, etter bruken. 1978-2004**  
*Total catch<sup>1</sup>, by disposition of the catch. 1978-2004*

